

Dei tri talemåtarne

Av Thorgeir Holm

Tone: «Dei gamle fjell i syningom».

Med sume talar mest av di
dei likar eigi røyst,
fær andre fart på tala si
når flaska er til trøyst.
Dei ord som ut or munnarne
ved slike høve renn,
dei saknar vissa grunnarne
som gjer at hugen brenn.

Og atter andre talar so
at lekk vert lagd til lekk,
og största gleda fann dei no
um alt i saman hekk.
Det er ei voldug kunnesta
å semja mål og leik,
men denna mjuka unnesta
er og den störste kveik.

For andre er det talande
å bida litt i togn;
det er for tanken svalande
å hava slik ei logn.
Då sér me betr hendingar
i kvar ei ro på jord,
og kann so smida vendingar
med gode norske ord.

Etter eigi fråsegn skal skalden ha fenge inngivnaden til dette diktet etter festmiddagen åt Opedalsfondet i Oslo laurdag 18. oktober, der det m.a. vart etla ut studentprisar.

I dette nummeret:

Lars Bjarne Marøy:	Sidemålet er skuldfritt	s. 2
Klaus Johan Myrvoll:	Ordlistemålet	s. 3
K. E. Steffens:	Målrørsla og ropet på staten og hans «Vergemaal»	s. 4
Anders Moe:	Nytt beite for Lomheim	s. 5
Jens Persson:	Dalsk – eit gamalvorde mål	s. 7
Eldar Heide:	Meir um samkynet i bergensk	s. 8
Tore Lund:	Revidert bibelumsetjing	s. 9
Lars Bjarne Marøy:	Halldor O. Opedals fond heidrar målstudentar	s. 10
Anders Moe:	Rapport frå eit fag i krise	s. 11
Magne Myhren:	Då landsmålet vart skriftmål – eit 150-årsminne	s. 13
Jon Bleie:	Korleis eg vart bokven (3)	s. 14
Johannes Gjerdåker:	Minna Baaba og det spanske skipet	s. 15
Johannes Gjerdåker:	Pico della Mirandola: Um mennesket sin heidersrang	s. 16

Sidemålet er skuldfritt

Av Lars Bjarne Marøy

Me hev nett attum oss ein valkamp der sidemålet endå ein gong var emne for mange diskusjonar. Engasjerte ungdomspolitikarar hev stade fram og propagandert sterkt for at sidemålet og sidemålsundervisningi ikkje hev framtidi fyre seg. Byrådet i Oslo er samansett av politikarar som hev programfest at dei vil arbeida for å gjera sidemålet valfritt gjennom utprøvingsskipnader. Dei fyrste diskusjonane hev alt dukka upp i rikskanalane. Mykje av argumentasjonen som kjem fram no, er gamal. Lat oss sjå på um nokon av argumenti held mål.

Korleis argumenterar so sidemålsmotstandarane? Eit argument er at ein skynar bae skriftmåli utan å pugga nynorsk grammatikk. Det same argumentetett kann nyttast mot andre mål. Ein kann læra seg til å skyna engelsk og tysk utan å kunna noko serleg grammatikk, men det er då ingi ulempa å kunna grammatikken med. Det skulde dimeir vera einfelt å læra seg grammatikken når han er so pass lik bokmålsgrammatikken.

Men kva um ein so ikkje lærer grammatikken: Korleis skal ein då greida å få utbyte av nynorsken? Det hev kome upp ei meining um at det er ille å pugga og øva inn språklege mynster. Me skynar svensk og dansk, men me greider ikkje å skriva desse måli. Nokre kunnige kann greida å stava seg gjennom latin, men det er dei færraste som nokon gong vil gjeva seg inn på å skriva det målet. Det grunnleggjande spørsmålet er då um nynorsken skal vera eit mål som stend oss like nære som svensk og dansk. Eit mål me skynar, men som med tidi vert like fjernt for dei mest målkunnige som latinen, som dei færraste vil bry seg med å skriva eller nytta til bruksmål.

Utgangspunktet for sidemålskritikarane burde vera kulturpolitisk og nasjonalt. Dei burde slå fast at dei av kulturpolitiske og nasjonale grunnar ikkje tykkjer at det er nokon grunn til å ha opplæring i nynorsk. Målet er for likt norsk-dansken, hev havt sin historiske sjanse, men tapt, og difor bør nynorsken fjernast som opplæringsemne i norsk-faget, heilt eller litt etter litt.

Men sidemålsmotstandarane segjer ikkje dette. Dei held fram at nynorsken er ein viktug lut av norsk kultur og at det ikkje er meiningi å taka burt nynorsken. Det er berre dei stakkars skuleelevane som må sleppa å læra målet. Det er med

andre ord bokmålslevane som vert nytta i striden kring nynorsken. Sidemålsmotstandarane freistar å gjera heile diskusjonen um til ein praktisk diskusjon utan prinsipielle og ideologiske sidor.

Eit argument gjeng på at det stend so dårleg til med tamen i hovudmålet til norske elevar at nynorsken anten hev skuldi eller gjer problemet større. Det tyder i praksis at ein meiner at bokmåls-elevar er dårlege i bokmål på grunn av nynorsken.

At folk vert dårlegare i hovudmålet av å ha sidemål, hev ikkje late seg ettervisa eller underbygga reint fagleg. Eit eksperiment ved Laksevåg gymnas i Bergen synte at då ei bokmålsklassa gjekk yver til nynorsk til hovudmål, vart ikkje berre nynorskkarakteren betre, men bokmålskarakteren òg. Eit liknande eksperiment skal ha vorte utført med hell ved Fagerborg videregående skole i Oslo (sjå m.a. her: www.nynorsk.no/bkj.htm). Det hev òg vore gjort utprøvingar andre stader. Dei hev alle so langt eg veit, synt at evna til å skriva nynorsk hev vorte betre, gjennom meir og betre arbeid med nynorsken.

I den grad det hev vorte gjort forskning som hev vore sakssvarande på dette feltet, kann eg ikkje sjå at det hev ført med seg at sidemålskritikarane hev fenge sterkare argument, og dei etterrøkjingane me hev, syner det motsette av det sidemålskritikarane hevdar. Argumentet um at ein lærer hovudmålet betre um ein hev mindre nynorsk, hev ikkje noko faglegt grunnlag fyre seg. Det byggjer einast på spekulasjonar. Når ein veit at mange ser på nynorsken som ein hemske, må det slå ein kor lite vekt eit slikt argument hev.

Det er i barneskulen og grunnskulen at elevane skal læra å lesa og skriva. Det elevane ikkje hev lært når dei kjem til 7. klasse, fær dei store problem med å henta inn att seinare. Det er fyrst på ungdomsskulen at elevane i ein viss mun vert introduserte for nynorsken, og alt då må dei ha lært svært mykje av det som skal vera grunnlaget for vidare læring. Nynorsken kann ikkje vera sjølv rot til problemi. Dei må liggja ein annan stad. Men dei som argumenterar mot nynorsken, vil tydelegvis ikkje gripa fat i denne problematikken. Nynorsken vert soleis syndebukk for vantande læring og ev. dårleg undervisning i grunnskulen.

At nynorsken skal vinna meir velvilje

gjennom at sidemålsstilen vert teken burt, er eit lite truverdigt påstand. Det kann i praksis snøgt føra til at det vert arbeid mindre med nynorsken i det heile. Det er ingen grunn til å lesa nynorsk dersom ein ikkje skal skriva det. Det hev derimot vore gjort røyne med meir nynorsk under det rådande sidemålsregimet. På bakgrunn av desse røyne veit me at meir nynorsk i bokmålsområde fører til større velvilje og vyrndad for nynorsken. Dette hev m.a. vore granska i samband med eit prosjekt knytt til språkkøyvde lærebøker, der nokre elevar hadde halve læreboki på bokmål og hi helvti på nynorsk. Desse etterrøkjingane tyder på at meir nynorsk fører til større velvilje for målet. Solheim og Torvatn, som utførde nokre av desse etterrøkjingane (sjå litteraturlista), nemner m.a. at fleire bokmålslevar som nytta språkkøyvde lærebøker slo fast at dersom stoffet var interessant, gløymde dei at det var nynorsk dei las, endå um dei i utgangspunktet skulde ha ei negativ haldning til nynorsk.

I ein større samanheng, når me skodar til andre land, veit me at språk hev fenge prestisje nett ved å verta tekne meir i bruk. Når alt kjem i hop er det bruket av eit gjeve språk på ymse umkverve som er avgjerande: Språk som vert bruka til alt mogeleg, vert opplevde som «nøytrale». Språk som vert bruka berre i nokre fåe situasjonar, fær lægre prestisje. Å fjerna eit språk frå skulen, eller å gjera det friviljigt, kjem difor etter alt å døma til å føra til domenetap, og dermed til lægre prestisje og mindre velvilje. Det vert heller ikkje betre av at fleirtalet av elevane i Noreg i praksis ikkje fær høve til å velja seg hovudmål på eige grunnlag. Bokmålsbrukarane må kunna elementær nynorsk grammatikk um dei skal ha høve til å taka nynorsken til bruksmål. Det er folk som hev bytt frå bokmål til nynorsk som i mange og avgjerande høve hev vore dei førande og sentrale personane i målrørsla. Sidemålsstilen hev soleis verka byggjande på målrørsla.

Litteratur

Solheim, Randi og Anne Charlotte Torvatn 1996: *Fellesspråklige lærebøker i samfunnslære. Rapport nr. 4: Synspunkt og erfaringar frå brukarsida*. Trondheim: Senter for etterutdanning, Allforsk.

Ordlistemålet

Av Klaus Johan Myrvoll

Ein ung nynorskforfattar melder ei bok av ein annan ung nynorskforfattar i ei riksavis. Det er ikkje noko å utsetja på sjølve meldingi, men ein vaken lesar merkar at noko ikkje stemmer: Språket er fullt av feil og fylgjebrot.

Og dette er ikkje vanlege slurvefeil som hev sloppe gjennom korrekturen; det er grammatiske mistak som rett og slett botnar i vantande tame i skriftmålet hjå skrivaren. Til dømes skriv ho «uønska» for *uønskt*, «ferdiglest» for *ferdiglesen*, «havnar» for *hamnar*, «flaut» og «greit» for *flautt* og *greitt* og «forleten» for *forlaten*. Ein stad heiter det «forventning», men i lina nedanfyre handlar det um «forventingar»; det vert rota med *j*-verbi: «tenke», men «tenkjer», og like eins «ynkelig», men «særleg».

Det vert ikkje noko likare av at ho skriv eit mål som er oppblanda med bokmålsnære former som «tar», «drar» og «gitt», og der anbeheitelse-ordi er i fri bløming: «anerkjenner», «beskytte», «bevis», «bitterheita», «misforholdet» osv. Og dette fører sjølvsagt til rot: «lidelseshistorier» ein stad, men «lidinga» ein annan, og «barneskjebner» – skal det heita «ei skjebne, skjebna» i nynorsk, tru? På toppen av det heile kjem både sin-genitiv («Eriksen si bok») og s-genitiv («på vaksenrøyndas vis»). Noko av ordleggingi er beint fram hjelpelaus. Elder kva skal ein segja til ei formulering som «Eriksen gjennomfører programmessig etter eit godt program»?

Kruna på verket kjem like vel når meldaren umtalar målet åt forfattaren, som etter dei utdragi me fær, må vera ein bokmålsoppblanda nynorsk av verste slag: «Det er ein nynorsk som etter kva [sic] eg kan bedømme, ligg så nær opp til Bodø-dialekten som mogeleg: Eriksen brukar til dømes «gjøre», «kjøre» og «da», og ein del av setningane er formulert[e] slik at dei liknar på dialektiske [!] talemåtar. Ein kan nesten høyre dialekten når ein les, og det er gledeleg at forfattaren har fått til å bruke nynorsk på ein slik måte.» Det er visseleg berre nynorskfolk som kann tala um skriftmålet sitt på denne måten.

Dømet er tilfelleleg valt, og eg kunde lett ha funne andre. Sanningi er at det finst snaudt den nynorskforfattaren som er i stand til å skriva målet sitt nokolunde feilfritt. Nynorsken er ordlistemålet, og då i den tydingi at ein lyt slå upp i ord-

lista heile tidi skal ein få ting rett. Det er eit mål det snaudt nyttar å læra. Det kjem både av vantande konsekvens (burtsét frå sumt samsvar med bokmål) og den velduge valfridomen, som sprikjer i alle leider og som gjer at det aldri fester seg nokor operativ norm, d.e. sams oppfatningar um korso språket skal sjå ut.

Mange, ikkje minst mange av deim som kallar seg målfolk, hevdar at det er av di nynorskbrukarane les for lite nynorsk og for mykje bokmål at dei ikkje kann skriva målet sitt skikkeleg. Det er ei kjend sak at fleirtalsmål lett påverkar mindretalsmål, og serleg dersom desse måli er nærskyldte, som er tilfellet med norsk og norsk-dansk. Men dette kann ikkje vera heile uttydingi når ein elles skrivefor person, som både hev lært og lese nynorsk gjennom heile grunnskulen og på framhaldsskulen («vidaregåande»), ikkje meistrar heilt grunnleggjande drag som at det heiter *lese* og ikkje *lest* på nynorsk. Og um so var at «bokmålsveldet» øydelegg for skriveupplæringi åt nynorskelevane, kunde ein ikkje då retta seg etter røyndomen og setja inn åtgjerder? Ei rimeleg åtgjerd kunde vera å arbeida for å auka skilnaden i høve til fleirtalsmålet, elder rettare sagt utnytta den skilnaden som finst der, helder enn å leggja nynorsken so nære bokmålet som råd. I staden vel målrørsla å kauka upp um at dei ikkje skriv nynorsk i Dagbladet og andre stader, utan nokon gong å problematisera *kva slags* nynorsk. Og medan dei held på med dette og elles messar um kor godt det stend til – for aldri hev nynorskbrukarane vore fleire – misser målet serhått og dimed tilveregrunn.

Den røynelege vansken for nynorsken i dag ligg ikkje i ev. motvilje hjå bokmålsbrukarar elder vantande lesnad på målet, men i at det ikkje finst nokon ein-skapleg og heilstøypt nynorsk som folk kann læra seg og halda fast ved. Det er beint fram naivt å tru at ein skal vinna fram med eit slikt sprikjande rotihop som statsnorsken er i dag. Ein annan vanske er den skortande viljen til verkeleg å skriva *nynorsk*. Ein skal helst ikkje skilja seg for mykje frå bokmålet, for då er ein ikkje «moderne» lenger, og det må ein sjølvsagt vera. Denne haldningi vert berre styrkt av at folk heile tidi fær høyra, ikkje minst frå faglegt hald, at dei tvo måli i røyndi er avbrigde av eitt og same målet, «målformer» dei kallar. Dette er

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Postboks 49 Blindern
0313 Oslo

Bladstyrar:

Klaus Johan Myrvoll
Nedre Ullevål 9 – 322
0850 Oslo
klausjon@online.no

Tingar- og lysingsandsvarleg:

Olav Torheim
olafr@online.no

Grafisk utforming:

Olav Torheim
Lars-Toralf Storstrand
(rabbixl@frisurf.no)

Netstad:

maalmannen.sambandet.no

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291.14.45666

Målmannen fylgjer redaktør-plakaten.

Ivar Aasen-sambandet

Ivar Aasen-sambandet er landssamskipnaden åt høgnorskrørsla. Sambandet arbeider for måluppllysning, måldyrking og målreising. Sambandet krev fulle rettar for nynorsk i Noreg, og krev i nynorsk full jamstelling for i-målet som Ivar Aasen valde. Sambandet hev ei sergjerning i norsk målrørsla; både lag og einskilde kann vera med. Skriv deg inn!

Innmelding til formannen:

Klaus Johan Myrvoll
Nedre Ullevål 9 – 322
0850 Oslo
Tlf. 900 26 380
Epost: klausjon@online.no
http://www.sambandet.no
Giro 0814 20 27 209

den samnorske lygni som med den indre oppsmuldringi av nynorsken er åttå verta røyndom, jf. at Unge Høgre stødt nyttar til argument mot sidemålsupplæringi at dei tvo skriftmåli er so like. – Kva er vit-sen då? spyrr dei, og det med god grunn.

Den historiske bakgrunnen for denne stoda kjenner me godt: ein langvarug statleg politikk med «samnorsk» til mål. Nemndene braut ned den normi som fanst, og baud fram ein stor og usystematisk valfridom i staden. Riksmålsfolket avviste prosjektet, men i nynorsklægret

vart dei valfrie formene snøgt umfamna. Der vart dei sedde på som hjelperåder til å uttrykkja eigne, lokale identitetar knytte til målføret på heimstaden, jf. utsegnen åttå meldaren um den sermerkte «Bodø-nynorsken» i boki ho melder. Dimed vart det som i utgangsstødet var ei tolleg ein-skapleg norm, snøgt umgjort til eit konglomerat av sprikjande skrivemåtar og bøygiingsformer.

Skal norsken hava ei framtid, må ein finna attende til den tradisjonelle norsken og ideali som denne tradisjonen hevda.

Det synest gagnlaust å skula flikka på eit mål som alt hev kome på hell. Det er berre eit tidsspursmål fyrr den «moderne» nynorsken raknar heilt, og tragedien, som ein gong byrja so gjævt med Aasen, Vinje og Garborg, er fullenda. Her hjelper det lite med berre tolugt mod. Det som fyrst og fremst trengst i målarbeidet i dag, er ein røyndomstru analyse av stoda. Berre då kann ein vita kva åttå-gjerder ein kann setja inn um ein skal nå måli sine. So spyrr det då, um målrørslatorer lyfta hovudet or sanden.

Målrørsla og ropet på staten og hans «Vergemaal»

Av K. E. Steffens

I Jostein Krokviks bok om Henrik Krohn (*Vestmannalagsreisaren og målreisaren*, Norsk Bokreidingslag 2003) vert eit rikt og mangslunge stoff lagt fram, gjennomtenkt og dryft, og stundom slik at det kann eggja til motsegjing og refleksjon.

På to stader i boka (s. 95 og 190) gjeng det fram at leidande personar i den unge målrørsla ynskte og arbeidde for *politisering av målsaka*. Vinje skreiv til Krohn 7. mars 1868 at «Politikens Blanding med Maalstrævet» vil gagna saka. Ein må gjera saka og rørsla til «ei Magt, som Storthinget lyt merkja seg og taka under Statens Vergemaal». Den 20. desember året etter skriv Krohn til sin gode ven Kristofer Janson at Vestmannalaget ikkje berre må driva med «Estetik». Det må i tillegg verta «eit politisk-nationalt Samlag» med påverknads-kraft «etter som Aalmengagnet krev». Og i eit fyredrag i 1873 kravde Fritz Hansen, teolog og lærar på folkehøgskulen Sagatun på Hamar, at staten måtte syrgja for at landsmålet vann fram, og Krokvik skriv utan nokon kritisk merknad at dette opplegget «med krav til staten og dei styrande» hev vore fylgt av målfolk fram til no (s. 190).

Men på s. 228 slår Krokvik fast at «statleg tukling med sjølve målet er eit sernorsk ugras som hev vore til skade for nynorsk mål og målvokster».

Her må ein kunna hevda at det ideologiske fundamentet, premissane for slik «tukling», vart lagt alt i 1850-åra, slik det vert dokumentert av Krokvik. Den nasjonale trongen og viljen, med eitt ord norsk nasjonalisme, kravde *eitt* nasjonalspråk, og var der politisk vilje, var der òg veg, trudde ein. Det var audmykjande, beint fram noko nasjonalt perverst, at me var språkleg kløyvde, men kløyvinga var ikkje verre enn at samling måtte kunna

skje «på norsk folkemåls grunn», og teori og program for ei slik samanstøyping hadde omkring 1900 sin fremste talsmann i folkloristen Moltke Moe.

Målfolk såg naturleg nok med blanda kjensler på eit slikt program, og utan nokor serleg overdriving kan ein segja at det var med tårer i augo at mange målfolk ofra i-målet og anna tradisjonelt måltø på det nasjonale altaret i 1938. Men premisane var lagde: målrørsla hadde ropt på staten, og han hadde teke saka under sitt «Vergemaal», slik Vinje og Krohn ynskte det.

Den grunnleggjande fyresetnaden, sjølve premisset for målreisinga, hadde frå fyrste stund vore «imperialistisk» i den tydinga at landsmålet (Aasens eiga nemning) utan noko atterhald var *det norske nasjonalspråket*, som styremaktene var forplikta til å syrgja for vart *einaste riksmål* i Noreg. Det var ikkje tale om eit skriftmål som skulle eksistera i lag med det rådande; nei, *det* skulle detroniserast, skuvast ut, på alle omkverve høyra opp å fungera som skriftspråk i Noreg. Men statleg kulturpolitikk i eit land med eit visst mangfald av parti og andre interesseorganisasjonar kan lett føra til løysingar merkte av kompromiss som, i alle høve når det galdt målstoda vår, gav resultat som var lite heilskaplege, ja beint fram skadelege for sunn målvokster. Målfolk hadde ropt på staten, ja hadde på ein måte selt seg til denne instansen, og det dei fekk att for å gjeva seg staten i vald, var åttåvorlege inngrep i viktige strukturelle drag i nynorsken.

Riksmålsfolk såg tidleg kor skiplande brigdet i 1938 var for deira språk og organiserte ein motstand som vart kruna med siger i 1981, medan ein parallell reaksjon hjå målfolk hev gjenge frå usiger til usiger. Endå om meir enn ein

kausalfaktor hev spela inn, er det rimeleg å tru at lojalitet andsynes staten og hans «Vergemaal», overtvinga om at fyrst Venstre og seinare Arbeidarpartiet skulle vera garantisten for ein målpolitikk til bate for land og folk, gjorde eit fleirtal av dei som skreiv nynorsk blinde for fylgjene av at statleg oppnemnde organ skulle fastslå nynorsk fonologi, morfologi og leksikografi. Urolege målfolk kunne trøysta seg med at samnorsken skulle tuftast «på folkemålsgrunn» og at det var det unorske, danskleta riksmålet som fyrst og fremst skulle brigdast i lød- og bøygningsformer. Brigda i nynorsk vart sedde som naudsynte nettopp av nasjonale grunnar: Det norske nasjonalspråket måtte byggjast på dei mest frekvente og «demokratiske» formene i dialektane, og då måtte t.d. i-målet ofrast. A-målet og anna som braut med nynorsk tradisjonisme var like rotekte norsk som dei formene Aasen hadde lagt til grunn, og for snøgt og effektivt å nå fram til det samlande norske skriftmålet måtte ein òg velja former som bokmålsfolk kunne godtaka.

Nasjonsbyggjinga kravde eitt norsk skriftmål, noko eit massivt fleirtal av røysteføre nordmenn prinsipielt ynskte. Men den statleg styrde realiseringa av dette målet, som målfolk naivt og optimistisk studde, hev gjort nynorsk til eit meir og meir kulturøkologisk uinteressant og uturvande skriftspråk. Den politiske styringa mot samnorsk er oppgjeva, men biletleg tala er nynorsk i dag eit skadeskote språk, og endåttå ein idealist som Krokvik åttåvarar i siste kapitel av boka om Krohn mot naiv optimisme når det gjeld vonene for rehabilitering av tradisjonell nynorsk.

Nytt beite for Lomheim

Av Anders Moe

Styremaktene hev etter kvart registrert at Norsk språkråd ikkje fungerer noko serleg; normeringsarbeidet vert møtt med lått og likesæla, og Riksmålsforbundet er betre til å svara på spursmål um mål og målbruk frå folk. Det er på tide å freista same løysingi som sist, då den gamle Norsk språknemd var i same stoda: nytt namn og ny organisasjonsstruktur.

Kva det nye namnet vert, er ikkje avgjort, men den nye organisasjonsstrukturen vert topptung: både bokmål og nynorsk fær same direktør. Det var no nett eitt av problemi med Språkrådet, dette at dei same styrde med både bokmålet og nynorsken; ein fekk aldri skikkeleg greida på kven rådet skulde representera. Den nye strukturen kjem til å gjera dette verre og ikkje betre; soleis fær det nye rådet mindre truverde hjå målbrukarane, ikkje meir.

I ei perfekt verd hadde styremaktene kann henda tenkt igjennom *kvifor* Språkrådet ikkje fungerer og kva som er vitsen med å hava eit slikt råd, men ettersom me no eingong liver i ein jammerdal vert den nye direktøren Sylfest Lomheim. Utnemningi er møtt med – sjølvsagt – lått og likesæla; ikkje mange avisor tykkjer utnemningi er noko til sak, og millom dei som hev skrive noko, er Fædrelandsvennen, Aftenposten, Morgenbladet og Dag og Tid; avisor som alt fyrr hev vore i tottane på Lomheim.

Samnorskmannen Lomheim er fødd i 1945 og byrjar i stillingi 1. januar 2004. Han hev norsk hovudfag frå Universitetet i Oslo, og hev vore nynorsk-konsulent i NRK, der han òg laga programmet «Språkteigen», NRKs humorfrie sone, dei kallar. No er han tilsett på Høgskulen på Agder. Ordet (nr. 3/2003) peikar på at direktøren skal administrera, og at Lomheim aldri hev administrert ein kulturinstitusjon; ein av fleire grunnar til at valet av Lomheim er yverraskande. Men han kjenner det politiske systemet: han var statssekretær i Jagland-regjeringi og leidar i Vest-Agder Arbeiderparti i nokre år.

Ein skulde tru at ein språkmann vart umskapt til eit grønt, skjelut monster av rein irritasjon etter tvo dagar i nærleiken av Thorbjørn Jagland, men tvertum; Lomheim skreiv inn til Aftenposten (30.12.97) for å forsvara Jagland; språkleg hjelpeløysa er ikkje Lomheim imot;



Sylfest Lomheim vert ny språkdirektør

han åtvara mot eleganse. (Per Egil Hegge svara at lojalitet er ein fin ting, men at det kann verta for mykje av det gode.)

Lomheim er òg umsetjingsteoretikar; i EU-debatten lanserte han uttrykket «Den europeiske sammenslutning»; han meinte det var umsetjingsfagleg feil å setja um det positivt ladde uttrykket «union» på fransk og engelsk med det negativt ladde uttrykket «union» på norsk. Dette var like politisk klokt som det var fagleg solid; stakkars Gro Harlem Brundtland freista å nytta den sokalla umsetjingi, men det vart naturleg og ein stutt episode.

Målsyni åt Lomheim gjeng klårt fram av den nye bibelumsetjingi. Me hev ikkje havt ny bibel sidan 1985, so no må han moderniserast og gjerast meir folkeleg, og det skal gjerast av lærde menner i ein komité. Tanken um at det er ulogisk å driva gjennom folkelegt mål med teknokratdiktatur hev framleis ikkje streifa Lomheim. «Fader Vår», det bør heita «Far!» («Man kan knapt angripe denne forandringen på annet enn følelsesmessig grunnlag, siden det ikke endrer noe ved meningen», skriv ein representant for umsetjingsnemdi.) Og «legeme»/«likam» er på veg ut or daglegtala, det lyt heita «kropp». «Befri oss i dag for det daglige tøv», skreiv Aftenposten på leidar plass (29.3.03), Fædrelandsvennen (31.3.03) skreiv at «det burde være et språkvern også for Bibelen, slik at tekster, ord og uttrykk kan formidles gjenkjennelig fra generasjon til generasjon. Det har noe med vår kulturarv å gjøre.»

Dette med kulturarv er ikkje nokor hjartesak for Lomheim; då Morgenbladet (28.8.03) spurde honom um det er noko problem at engelsk tek yver for norsk,

svara han: «Det er som med mangfoldet i naturen. – Biodiversitet? Lingodiversitet? – Ja, rett og slett.» Kulturarv? Kommunikasjon? Bibelumsetjingi hans segjer klårt og kva Lomheim tykkjer um den sida av målet. Men det er den gamle filologarrogansen som det nye språkrådet skulde snu seg burt frå, dette at ein mann som sjølv ikkje trur på Gud skal taka alle avgjerder um bibelumsetjingi og berre fnysa åt «reaksjonære» folk som ikkje vil hava henne.

Lomheim segjer mykje rart, me tek eit tilfellelegt døme: Av ein elder annan grunn vart han utspurd av NRK um Jesus 8.8. i år. Lomheim er korkje historikar elder teolog, og det kann ein sjå: «Evangelistane, som skreiv ned forteljingane om Jesus, var 'journalistane' på den tida. Så vi kan vere nokså sikre på at det dei skreiv, det kan vi lite på. Folk lærde seg tekstane utanboks, og dei var nøye med å sitere rett. Dette kan vi samanlikne med den måten våre vikingar vidarefortalde stoffet på i sagatida. Sagaene levde og vart ikkje endra mykje. Og denne tradisjonen var enda sterkare på Jesu tid», sa Lomheim millom anna. Um Bibelen hev like stort truverde som ei moderne avis elder som dei gamle kongesogone, er det kann henda ikkje so rart at Lomheim ikkje satsar såli si på honom.

Lomheim er ikkje berre ekspert på slikt som hende i gamle dagar, han kann jamvel sjå inn i framtidi, og han var mykje i media med spådomskunstene sine i 2001. 'Um 100 år hev engelsk teke yver som språk i Noreg; norskt mål kjem til å døy ut. Nynorsken kjem til å liva like lenge som bokmålet, og dialektane kjem til å yverliva dei båe, men til sist kjem jamvel dei til å bukka under for engelsken', var umkvædet. Brit Mæhlum og Svein Lie hev kalla spådomane åt Lomheim useriøse og kvasivitskap. (Brit Mæhlum mest utfyllande, i «Om hundre år er allting glemte.' Når pseudovitenskap får lov til å prege den språkpolitiske agendaen», Norsk Lingvistisk Tidsskrift, 2002.) Lomheim er soleis like populær i fagkrinsar som millom pressefolk og hjå kristenfolket.

Lomheim hev denne gongen fenge med seg at han hev vorte kritisert, og då Dag og Tid portretterte honom i samband med nyttilsetjingi (20.9.), tok han til motmæle: «Det var forbløffande liten pre-

sjisjon i måten kritikarane siterte meg på, og det overraska meg. Eg har aldri sagt at norsk døyr om hundre år, men eg har sagt at står me ikkje opp og slåst, kan norsken fort verta utradert. Det er noko heilt anna. Og det sa eg for å vekkja folk.»

Um dette var sanningi, hadde Lomheim havt eit kommunikasjonsproblem, men her er det nog politikaren Lomheim som forsvarar seg. Brit Mæhlum hev gjort sitt beste for å finna ut kva Lomheim sagde og kva han meiner, ikkje den lettaste oppgåva med ein lettvektig medienisse som honom; han gjev gjerne intervju, men skriv fåe artiklar; det vesle han skriv, vantar referansar til faglitteratur, og retorikken hans er merkt av tomprat. Mæhlum: «[V]i ser hvordan begreper som 'nådetid', 'skjebneaksept', 'logisk slutt punkt' og 'Me styrer ikkje framtida vår' er de bærende elementene i selve argumentasjonen.» «Opp og slåst», du liksom, når me ikkje styrer framtidi vår, og engelsken kjem til å taka yver kor som er. Lomheim gjer òg merksam på at engelsk er nett like godt. (Ein fyremun med engelsk som Lomheim ikkje nemner, er at klovnar som han ikkje hev makt til å herja med engelsk mål og rettskriving; ingen filolog fær leika seg med King James-bibelen.)

Mæhlum hev teke fyre seg fire artiklar og intervju frå 2001. Lomheim segjer heile tidi slikt som: «Om samtalen går for seg på norsk eller engelsk, er berre eit interessant spørsmål for dei historisk nærsynte», og «det er få ting som er tryggare å seia om framtida enn at norsk språk kjem til å forsvinna». Nett kvifor dette kjem til å henda, og kvifor norskt mål skal kverva burt, endå um norsken, i motsetnad til dei typisk utrydjingstruga måli hev ein skriftradisjon (kor mykje Lomheim enn vanvyrder honom), er nasjonalmål i eit land og enno vert lært som morsmål av born, og kvifor nett um hundrad år, slikt er Lomheim ikkje so uppteken av. Han hev fenge det fyre seg at det «logiske slutt punktet» for utviklingi er eitt einaste mål i heile verdi, og det vert engelsk. Ideen um at utviklingi hev eit slikt «logisk slutt punkt», og Lomheims helder stormannsgalne yvertyding um at nett han kann sjå dette slutt punktet, det kann ein trygt kalla pseudovitskap!

I ein fotmerknad skriv Mæhlum at ho hoppar yver ymist som er «kuriøst»; soleis trui åt Lomheim på at nynorsken kjem til å halda stand mot engelsken lenger enn bokmålet. Til Bergens

Tidende (11.3.03) fortel han: «Når børs, bank og næringsliv meir og meir går over til engelsk som administrasjonsspråk, er det bokmålet som må ta støytten. På desse områda har ikkje nynorsken fått fotfeste. Nynorsken har bite seg fast i det åndelege; i litteraturen, salmeboka og i undervisinga.» På dette punktet motsegjer Lomheim seg sjølv helder sjeldan, soleis les me i Dag og Tid-intervjuet: «[D]et er kampen for norsk språk som er interessant. Personar som kjem med forslag om å kasta ut nynorsken, følgjer ikkje med i tida. No er det bokmålet som må slåst, og det er ikkje bokmålsfolket vane med. I dag taper bokmålet stadig mot engelsken. Det har nynorsken ikkje gjort, og det kjem av at nynorsken ikkje er inne på dei felte der engelsken tek over, som børs, bank og næringsliv. Det er på tide at bokmålfolk skjønar at dei må stå opp og slåst for norsken. Me må stå skulder ved skulder, og ikkje koma med slikt tull som byrådsleiaren i Oslo kom med i valkampen.»

Det er jo sjarmerande med ein språkdirektør som umtalar «bokmålsfolket» i tridje person og som gjeng til åtak på Høgre i valkampen som representant for fagkunna, utan å nemna at han er arbeidartimann. Men prosjektet hans tykkjest lite gjenomtenkt! Um bokmålet i dag er meir truga enn nynorsken, kann då ikkje nynorsken venta seg mykje hjelp frå den kanten. Eg kunde ha spurt kva som ligg i uttrykket «stå skulder ved skulder», men eg trur eg veit det: det er vel berre ugjenomtenkt klisjébruk som ikkje tyder so mykje.

Lomheim «rister på hodet» av sidemålsdebatten: «Tenker vi oss en generasjon fram, så vil vi nok synes den [debatten] var like kortsynt og patetisk som debatten om våre bensinpriser.» (NRK Kulturnytt 26.9.00). Ingen pseudovitskap utan spådomar um ei betre framtid då teoriane er vortne ålmandaning. No gjeng det ikkje fram kva desse kloke folki i framtidi kjem til å tykkja um bensinprisen, men éin ting er klårt: Jamvel um dei sjølve er på god veg til å verta eittspråklege engelsktalande, kjem dei til å tykkja at me burde skriva sidemålsstil utan å kny.

Lomheim hev ikkje sagt so mykje konkret um kva oppgåvor han ser fyre seg for det nye rådet, men meir um kva han *ikkje* hev tenkt å gjera. Han fortalde Fædrelandsvennen 30.8.: «Vi skal sette opp noen frontlinjer. Akseptere at engelsk er og blir rådende i næringsliv, markeds-

føring, popindustrien. Min jobb blir ikke å krige mot engelsken. Snarere å kjempe for norskens kår i litteratur, presse, politikk og grunnskole. Vi får et samfunn med mye tospråklighet, men 'hertespråket' vårt skal forbli norsk. Kampen må baseres på en fornuftig blanding av idealisme og realisme.» Dette er korkje «realisme» elder «idealisme», ettersom det ikkje er so at popmusikk og reklame på norsk er sjeldsynt, elder at det hadde vore uråd å gjera noko med det um det hadde vore sant.

Lomheim er nynorskmann med talemålsnærleik og samnorsk på programmet; skal det hava noko fyre seg, lyt skilet millom riksmålet og talemåli vera stort og godt. So Lomheim hev ikkje merka noko til at folk talar riksmål; i Mål og Makt nr. 1-2/96 tek han fråstand frå uttrykket *normaltalemål*, med di det normale talemålet for folk flest er dialekt. (– Skal tru kva ein då skal kalla læreboknormalen; han kann ikkje vera heilt normal so lenge det ikkje er skrive ei einaste bok på honom: læreboksoseipaten?) Målføri i Vest-Telemark vert nog likare kvarandre, men det er regionalisering, nokon påverknad frå Oslo trur Lomheim ikkje på (LNK-nytt 7.1.03). Lomheim yverdriv påverknaden frå engelsk, men han kann òg driva rein ynskjetenking når det høver honom best.

Det nye kompetansesenteret kjem av di Norsk språkråd, til liks med den nemndi det skulde avløysa, hev vorte eit reint åtløge utan påverknadskraft, men styremaktene hev ikkje lært noko som helst: Det er politikken som vert førd, gapane som fører honom og måten dei ter seg på som er til å læ åt; det kjem ikkje til å hjelpa det minste å byta namn på nemndi, so lenge ein framleis driv teknokratdiktatur og pseudovitskap på norsk folkemåls grunn.

Det heiter seg at Lomheim vart utpeika av di direktøren skulde figurera i media. Um det var målkjendis departementet var ute etter, er Lomheim so upplagt berre den næst beste kandidaten, men Finn-Erik Vinje er ikkje so populær i nynorskkrinsar, må vita. Men tenk kor mykje større slagkraft det nye rådet kunde ha fenge um Kulturdepartementet hadde halde på tanken um å kløyva organisasjonen, og tilsett Finn-Erik Vinje som bokmålsdirektør og ein annan enn Lomheim som nynorskdirektør!

Dalsk – eit gamalvorde mål

Av Jens Persson*

«Redan i nära 300 år har älvdalsmålet varit föremål för uppmärksamhet. Alltsedan ANDREAS PRYTZ år 1622 skrev några scener på detta mål i sitt drama *Konung Gustaf Then Första*, ha bröllopskväden ock andra dikter författats på detsamma, grammatikor ha skrivits, ock lexikaliska anteckningar ha gjorts.»

Slik byrjar innleiingi i doktoravhandlingi hans Lars Levander frå 1909, *Älvdalsmålet i Dalarna*, som byggjer på eit idugt innsamla tilfang, hovudsakleg frå bygdi Åsen i sokni Älvdalen, åri 1904–1908. Avhandlingi hans Lars Levander er etter snart hundrad år framleides hovudlitteraturen for dei som vil kika nærare på dette merkjelege målføret – um dei kjenner det svenske landsmålsalfabetet då.

Älvdalingane sjølve hev skyna at målføret deira er sereige, og dei hev difor gjeve det eit sereige namn: *dalska*. For å vera solidariske med älvdalingane kallar me målføret for *dalsk* her.

So, kva er no denne dalsken for noko, og kvifor fortener han å kallast merkjeleg og sereigen? Dalsken høyrer til dei sokalla ovansiljanmåli, som alle hev til serkjeje at dei er gamalvordne når det gjeld uttala, formverk, ordfang og dilikt.¹ Ovansiljanmåli høyrer til millom österdalälvmåli som so soknar til dei «rettelege» dalmåli. «Falske» dalmål er måli som vert tala i sudøystre Dalarna og som med anna er sermerkte av den sokalla bergslagsmålsaksenten.² Dei «rettelege» dalmåli hev vakse fram frå sveamåli, men framgjennom seinste tusundåret hev påverknaden vestfrå vore stor. Måli heng difor nære saman med austnorske og trøndske mål, til dømes når det gjeld den kløyvde infinitiven. Etter di dalsken er det vestlegaste österdalälv-målet, er den norske påverknaden serleg synberr i dette målet. (Det gamle dalrunesystemet som enno vart nytta i Älvdalen tidleg på 1900-talet, hadde klårt norske drag.)

No skal me gjera oss litt kjende med dalsken, og me held søkjeljoset på uttalesystemet (det vert altfor langdrege um me òg skulde hava fyre slikt som formverk og ordfang her). Det tykkjest vera ein god idé å byrja med å kika på dei personlege varaordi i dalsken. Det norske 'eg' heiter i dalsken *ig*, 'du' heiter *du*, 'han' heiter *an*, 'ho' heiter *ô*, 'det' heiter



eð, 'me' heiter *wîð*, 'de' heiter *ið* og det norske 'dei' heiter i dalsken *dier*. Det einaste som treng uttyding her er bruket av ^ som teikn til å skilja ulike ljod. Eg nyttar dette for å gjeva att eit sjølvljod (elder ei sjølvljodgruppa) som skal lesast nasalt, d.e. gjennom nòsi, trass i at det ikkje finst noko nasalt medljod. Dei dalske varaordi syner oss tolleg mykje um målet:

(1) Gamal lang *e* hev gjenge yver til ein lang *i* i dagsens dalsk: *ék* (med ljodlengd som i nno. *ég*) > *ig*.

(2) Dalsken hev mist *h* (det er soleides det me kallar «halvemål»): *hann* > *an*.

(3) Dalsken misser ofte stutt *-n* i utljod, men held på nasal kvalitet i ende-sjølvljodet: *hon* > *ô*.

(4) *t*-en i utljod etter trykklett sjølvljod gjeng ofte yver til ein klangfør frikativ: *þat* > *eð*.³

(5) Det gamle *w*-ljodet er halde: *wîð* (av eldre *wit*).

(6) Det gamle *ei*-tviljodet hev gjenge yver til *ie* (med ein lang *e* som millomstig) i dalsken: *þeir* > *dier*.

Andre døme på dei umrødde nylagingane er: (1) *fi*, *kni* (norrønt mål *fē*, *kné*); (2) *jåpa*, *ovuð* (norr. *hjálpa*, *höfuð*); (3) *buotcé*,⁴ *ie* (norr. *bókin*, *ein*); (4) *ogað*, *mitcið* (norr. *augat*, *mikit*); (5) *witå*, *werda* (norr. *vita*, *verða*);⁵ (6) *dziet*, *stien* (norr. *geit*, *steinn*).

I dømi merkjer me oss ei forvitneleg sak i sjølvljodsystemet: lange sjølvljod ser ut til å verta tviljoda: *ó* > *uo*. Av dei gamle lange sjølvljodi – *á*, *é*, *i*, *ó*, *ú*, *y*, *æ* og *œ* – hev alle utanum *á*, *é* og *æ* vorte tviljoda i dalsken, medan *á* hev vorte *o* (elder sumtid *â*) og *æ* hev halde på ljodkvaliteten sin. Dei hev vorte tviljoda soleides: *i* > *ai* (døme: *baita*, norr. *bíta*), *ó* > *uo* (*sniuo*, norr. *snjó*), *ú* > *au* (*aus*, norr. *hús*), *y* > *ái* (*áisa*, norr. *hýsa*), *œ* > *yö* (*bryöðrer*, norr. *bræðr*). Dei upphavlege tviljodi *au* og *ey* er derimot einljoda til

høvesvis lang *o* og lang *ä* (døme: *roð* = norr. *rauðr* og *rätca* = norr. *reykja*).

Medljodsystemet i dalsken er minst like forvitnelegt som sjølvljodsystemet. Her ser ein til dømes at det gamle skilet millom einfeld og tvifeld *l* er halde i dalsk. Det tyder at *l* hev «tjukk» uttala endåtil i framljod. Døme på dette er at *l*-en i *liuot* (norr. *ljótr*) er «tjukk». Ei onnor sak er at den gamle medljodsamansetnaden *ng* enno vert uttala *ng* + *g* i dalsk, til dømes *laungg* (norr. *langr*).⁶ Forvitnelegt er det òg at *sk(j)*-, *dj*-, *þj*-, *tj*-, *sj*-, *stj*- og dilike ikkje er assimilera fullt og heilt. Døme: *steyr* (norr. *skyr*), *diuop* (norr. *djúpr*, gamaldalsk **djópr*),⁷ *tiuov* (norr. *þjófr*), *tienne* (norr. *tjörn*, gdal. **tjarni*), *siuov* (norr. *sjálfr*, gdal. **sjólfr*), *stienna* (norr. *stjarna*).

I dalsken hev ein – liksom sumstad i Noreg, Sverige og det skandinavisktalende Finland – òg halde på stutte stavingar. Til dømes hev dalsken *yvir* med stutt *y*, *kveðå* med stutt *e* og *sågå* med stutt *å* (norr. *yfir*, *kveða*, *saga*). Det markande i dette leitet er do at dalsken i nokon mun hev halde på yverlang staving. Norrønt *þvæddi* (fyrirtid eintal av *þvá*), *sétt* (supinum av *sjá*), *blátt* (inkjekyn eintal av *blár*) og *spýddi* (fyrirtid eintal av *spýja*) hev kvar for seg sitt motsvar i dalsken i *twädde* (av *twá*) med lang *ä*, *sitt* (av *sjó*) med lang *i*, *blott* (av *blor*) med lang *o* og *spidde* (av *spaiá*) med lang *i*.

Endeleg skal me sjå på nokre vestlege drag i dalsken. Sersynte vestnordiske drag er den sokalla «vestnordiske» *u*-en og assimilasjonane *nt* > *tt*, *nk* > *kk*, *rl* > *ll*, *rs* > *ss*, *mp* > *pp*, *rn* > *nn*. Den vestnordiske *u*-en hev me til dømes i *buð* (jf. svensk *bod*); assimilasjonen *nt* > *tt* i til dømes *witter* (jf. sv. *vinter*) og *uott* (sv. *vante*); *nk* > *kk* i *sikka* (sv. *sjunka*); *rl* > *ll* i *kall* (sv. *karl*); *rs* > *ss* i *fuoss* (sv. *fors*); *mp* > *pp* i *sopp* (sv. *svamp*); *rn* > *nn* i *kuonn* (jf. sv. *korn*).

Eit anna drag som er sams med vestlegare målføre (men ikkje so langt vest som til det norske Vestlandet), er den kløyvde infinitiven. Stuttstava gjerningsord endar på *-å* medan dei langstava endar på *-a* (elder *-Ø*). Til dømes hev me *stiälå* (norr. *stela*, gdal. **stjala*), *kumå* (norr. *koma*), *jätå* (norr. *eta*, gdal. **jata*), *tågå* (norr. *taka*), *bjärå* (norr. *bera*, gdal. **bjara*), *dzävå* (norr. *gefa*, gdal. **gjafa*) og so frametter, men *rwaiða* (norr. *(v)ri-*

ða, gdal. *vriða), lopa (norr. (h)laupa), ollda (norr. halda), kriuoja (norr. krjúpa), dää (norr. deyja), sigel (norr. sigla) o.s.fr.

Den kløyvde infinitiven er ei fylgja av jamvektsløg som slær so hardt inn i målet i Nordskandinavia (tidlegare i Midskandinavia òg; jf. svensk *sidoruta* mot *gatukorsning* og *gårdfarihandlare* mot *man ur huse*). I dalsken hev me til dømes *flugå* (norr. *fluga*), *gâtå* (norr. *gata*), men *kelda* (norr. *kelda*), *kwegel* (gdal. **kvegla*); *drupi* (norr. *dropi*), *eri* (norr. *heri*), men *rakke* (norr. *rakki*), *skaule* (norr. *skúli/skóli*). Derimot tykkjest ikkje *u*-endingi ha vorte veikt i langstava ord: *flugur* (norr. *flugur*), *gatur* (norr. *götur*) attved *saiður* (norr. *síður*), *keldur* (norr. *keldur*), alle mangtalsformer.

Litteratur

Bergman, Gösta: *Kortfattad svensk språkhistoria*. 1968. Nyprint hjå Elanders Digitaltryck AB 1995.

Levander, Lars: *Älvdalsmålet i Dalarna*. 1909. Nyprint hjå Rege-Tryck, Älvdalen, 1985.

Steensland, Lars: *Liten älvdalsk-svensk och*

svensk-älvdalsk ordbok. 1986. Prent: Mora Offset, Mora, 1986

Åkerberg, Bengt: *Ulum dalska – Grammatik 99*. 1999. Hefte frå Ulum Dalska.

Dei tri siste publikasjonae kann tingast frå www.ehf.w.se/ulumdalska/.

Merknader

* Eg vil gjerne takka Ole Jakob Totland for at han hev umsett teksti; høgnorsken min er di verre ikkje like god som svensken min. Dessutan fortener Lars Steensland ei takk for hans verdfulle synsmåtar; eg skyna at eg hadde falle i nokre fallgruvor i den opphavlege utgåva av bladstykkjet.

¹ I kvardagen vert ovansiljanmåli kalla dalsk, men me held oss til Älvdalen her.

² Dei «falske» dalmåli er ei deild av dei sokalla uppsvenske måli som vert tala frå Mälardalen i sud til midste Hälsingland i nord. Dei uppsvenske måli soknar, saman med dei «rettelege» dalmåli, til ei deild av sveamåli.

³ Denne yvergangen tykkjest krevja eit millomstig *hat*, dvs *þ* > *h* (same ovringi finn me i sume færøyske varaord), men orsaki kann vel like gjerne vera ei onnor.

⁴ I mi atgjeving av dalsken stend bokstaven

c for eit vanlegt norskt *sj*-ljud. Soleides skal *sj*, der eg skriv det, uttalast som *s* + *j*. Seinare nyttar eg dessutan bokstaven *z* som stend for eit klangført *sj*-ljud.

⁵ I sume byar er det gamle *-rð*- halde.

⁶ Merk at det gamle *ang* hev vorte *aungg* i dalsken, noko som i storo er same målvoksteren som islendskan hev. På tilsvarende vis hev den i-ljodbrigde utgåva *engj* vorte *aindz*, til dømes *aindza* etter eldre *hengja*.

⁷ Med gamaldalsk meiner eg det gamalnordiske målføret som vart tala i Dalarna på same tid som gamalislendsk, -norsk, -svensk, -dansk og -gutnisk vart tala i kvar sine umkverve.

Jens Persson er 25 år gamal og matematikk- og fysikkstudent på Uppsala universitet, men hev stødt røtene sine i Jamtland og hev frå barnsbein soge til seg den norskmerkte kulturen som finst der. For nokre år sidan byrja han å interessera seg for språkspursmål og hev sidan havt eit stundom livlegt utbyte med jamske, norske, dalske, gotlendske og øysterbotnske målkjempor; og jamvel freista å formidla kontakt millom gruppone. Denne artikkelen er ein lekk i denne formidlingi.

Meir um samkynet i bergensk

Av Eldar Heide

I Målmannen 3/2003 umtala Klaus Johan Myrvoll Maal og Minne-artikkelen min um samkynet i bergensk. Takk for godord! Eg hev nokre merknader til den andre mogelege forklåringi han nemner. Fyrst lite um mitt resonnement: I gamalnorsk hadde hannkynsendingane lang *n* (*eiginn*), medan hokynsendingane hadde stutt *n* (*eigin*). Det normale i norsk er at den stutte *n*-en er fallen burt, medan den lange er stytt. Soleis hev det vorte ein ny motsetnad: *eigen* : *eigi/eiga*, osb., med vokal i hokyn, og (framleides) *-n* i hannkyn. (Formene med *-a* o.l. i staden for *-i*, meiner ein kjem av nasaliteten som *n*-en gav fyre han fall burt.) Bergensk hev derimot ikkje fenge nokor slik vokalisk hokynsending, og hev ikkje noko grammatisk hokyn i det heile, men *n*-ending i gamle hokynsformer, med. Det er grunn til å tru at denne *n*-en ikkje er yverførd frå hannkyn, men skriv seg frå at den lange og den stutte *n*-en i bergensk fall saman fyre den stutte fall burt (sjå Heide 2003, s. 27–29) Eg meiner dette hende tidlegt, fyre stutt utljods-*n* var fallen burt elles i norsk. Eg hev tenkt meg at det hende soleis at bergensarane stytte hannkyns-*n*-ane sine av di dei var avstikkande mot

millomlågtytsken (hanseat-målet), som ikkje hadde lang konsonant i utljod.

Myrvoll nemner ei onnor mogeleg forklåring, som han hev etter Trygve Skomedal. Kjernen i det resonnementet er òg at bergensarane vilde sleppa undan ein viss uttale av di han var avstikkande mot millomlågtytsken. Men Skomedal tenkjer seg at det var nasalvokalane bergensarane vilde sleppa undan, dei som ein meiner er eit millomstig etter *n*-burt-fallet i hine målføri. Skulde bergensarane få til det, laut dei halda på dei stutte utljods-*n*-ane, heilt til dei fall saman med dei lange i og med kvantitetsumbrytet i trykklett staving.

Det er synd Skomedal ikkje hev skriva noko um dette sjølv, m.a. av di det kann henda han hev fleire argument enn det som kjem fram i det stuttvorne Myrvoll skriv. Det er likevel klårt at dette er eit kløktig framlegg. Det er ikkje urimelegt å tru at bergensarane for skuld hanseatane vilde unngå nasalvokalar, og gjorde dei det, så vilde *-n* halda seg lenger i bergensk enn elles i norsk, og då skulde endskapan verta samanfall av *-n* og *-nn*. Men skrivemåten i Bergens bylov-handskrifti frå ikring 1320 høver ikkje med

denne uttydingi. I den er det markera same *n*-lengdi i hannkyn som i hokyn (sjå Sørli 1969, s. 39), og det er det rimelegast å tolka slik at samanfallet då alt hadde hendt i bergensk. Men so tidleg trengst det ingi forklåring av at stutt *-n* enno stod i bergensk, for då stod han enno i annan norsk òg. Det som ser ut til å trengast, er ei forklåring av at *-n* og *-nn* i bergensk fall saman fyre stutt, trykklett *-n* fall burt elles i norsk. Og ei slik forklåring kann ikkje teorien om ikkje-nasalering gjeva; den fyreset tvert imot at det var onnor fylgd på det som skjedde. – So spyrst det sjølv sagt om me kann lita på skrivemåtane i den nemnde handskrifti.

Litteratur

Heide, Eldar 2003: Felleskjønnet i bergensk. Resultat av mellomnedertysk kvantitetspåverknad? I: *Maal og Minne* 1/2003, s. 23–35.

Myrvoll, Klaus Johan 2003: Ny teori um samkynet i bergensk. I: *Målmannen* 3/2003, s. 8–9.

Sørli, Mikjel 1969: *Bergens eldste bymål og andre studier*. Oslo: Universitetsforlaget.

Revidert bibelumsetjing

Av Tore Lund

NTR

*Det nye testamente revidert med
oversetternes kommentarer*

Lukasevangeliet, Første tessalonikerbrev, Andre tessalonikerbrev, Galaterbrevet, Filipperbrevet.

Det Norske Bibelselskap 2003

Etter fleire tiårs arbeid kom i 1978 den nye umsetjingi åt Bibelselskapet, både til bokmål og nynorsk. Men umsetjingi vart ikkje berre positivt motteki, og alt i 1985 gjorde dei ein varsam revisjon av teksti (NO 78/85). Og no vert Det nye testamentet atter revidert (NTR) – so å segja ein «revisjon av revisjonen». Fyrst ut er Lukasevangeliet, dei two Tessalonikarbrevi, Galatar- og Filipparbrevet, med bokmåls- og nynorsktekstene prenta parallelt attved einannan og med språklege kommentarar nedst på kvar sida. Innan utgangen av 2004 skal so heile NT liggja fyre i revidert utgåva.

Konkordant eller idiomatisk umsetjing?

Alle som skal setja um frå eit språk til eit anna, stend framfyre valet millom two ytterpunkt: «Ord for ord»-umsetjing eller meningsumsetjing. På fagspråket vert den fyrstnemnde framgangsmåten kalla konkordant umsetjing, men den andre vert kalla idiomatisk umsetjing. I det sistnemnde tilfellet ligg ikkje vekti på at ordlyden og kvart einskilt ord skal svara til grunnteksti, men at meiningi i grunnteksti skal gjevast att med ord og vendingar som fær fram den same meiningi i umsetjingi. I praksis kann ingi av desse prinsippi gjennomførast fylgjestrengt. Kvar einskild umsetjing finn rom einkvan staden på ei lina millom desse ytterpunkti.

Ei fylgjestreng «ord for ord»-umsetjing vil i flestalle fall verta ein merkeleg «norsk», noko som fører til at lesaren ofte vert meir uppteken av den rare språkføringi enn av meiningi i teksti. Og dersom det i det heile vert nokor meining, so er det ikkje sikkert at denne meiningi segjer det same som opphavsteksti. I verste fall kann «umsetjingi» verta heilt uskynleg for ein norsk lesar.

Men ei idiomatisk umsetjing er heller ikkje vandelaus. Når umsetjaren ser burt frå ordbruket i originalteksti og freistar å gjeva att meiningi med sine egne ord, kann utfallet lett verta meir ei tolking enn

ei umsetjing. Dessutan hev ei idiomatisk umsetjing ein leid tendens til å verta noko ordrik. I Luk 3,3 stend det soleis ordrett på græsk at døyparen Johannes forkynte «umvendingsdåp til syndsforlating». Men i NO 78/85 forkynter døyparen «at folket skulle venda om og la seg døypa, så dei kunne få tilgjeving for syndene sine». I Luk 10,6 er uttrykket «fredens son» vorte til «vil han som bur der, ta imot fred». Og i Gal 3,14 er «Abrahams velsigning» vorte til «den velsigning som Abraham hadde fått lovnad om». Eg tykkjer ikkje noko er vunne ved slike lange umskrivningar av den pregnante segjemåten i grunnteksti.

Anten – eller?

For å illustrera problemet med ordrett umsetjing andsynes meningsumsetjing, kann me taka fyre oss det græske ordet *sárx*. Dette ordet tyder rett og slett 'kjøt', anten det no gjeld det toet som dyr og menneskje er samansette av, eller det gjeld maten på middagsbordet vårt. I so måte er tydingi av dette ordet heilt klår.

Men dersom me nyttar ei fylgjestrengt ordrett umsetjing i alle dei samanhengane der *sárx* finst, so kann me i Gal 1,16 lesa at Paulus ikkje samrædde seg med «kjøt og blod»! Og kva tyder «å fullenda i kjøt» (3,3)? Eller «vandra etter kjøtet» (Rom 8,4)? Og når me les at Paulus fyrste gongen kom til galatarane for skuld «veikskap i kjøtet» (Gal 4,13), so kunde det liggja nære å tolka det soleis at Paulus leid av ein muskelsjukdom, jamvel um ein nordmann vilde tykkja at det var ein rar måte å segja det på. Meiningi vart ikkje serleg klårare då bokmålsomsetjingi frå 1930 i alle desse og dilike fall nytta det danske låneordet *kjød*, men nynorsk sagde *kjøt*. (Umgripet «kjød» vert i dag elles berre nytta som ei folkeleg umskrivning for seksuelle lyster.)

Til å få fram dei mange tydingane som ligg i bruket av ordet *sárx* i Bibelen, gjev NO 78/85 att dette ordet på heile 30 (!) ulike måtar. Rett nok vert då meiningi klår i kvart einskilt tilfelle, men ulempa er då at det ikkje kjem fram at attum alle desse umskrivningane løyner seg eitt og same bibelske hovudumgrip. Eit bibelskt hovudumgrip bør so langt som råd er gjevast att med same norske ord kvar gong det ovrar seg.

Kuvendingi åt Bibelselskapet

No hev nog Bibelselskapet sét dette, for i NTR er talet på umskrivningar av *sárx* mykje nedskore, med *menneskenaturen* som den mest bruka umsetjingi. Og det heiter *kjøt* når ordet hev den reint konkrete tydingi, må vita.

Men kvifor ikkje fylgja danskane og svenskane? Dei moderne danske (1992) og svenske (2000) umsetjingane nyttar her og på tilsvarande stader *kød* (dansk) og *kött* (svensk), og so vert lesarane viste til ordforklaringane bak i Bibelen for nærare utgreiding um kva Paulus i dei ymse samanhengane legg i dette umgripet.

Saki er nemleg – mykje umenta for mange, vil eg tru – at i øyro på ein grækar læt det serskilde bruket åt Paulus av ordet *kjøt* like merkelegt som det gjer for dagsens nordmenn (eller danskar eller svenskar). Språkbruket åt Paulus er her nemleg påverka av Septuaginta, den gamle græske umsetjingi av Det gamle testamentet. Me hev i dette høvet also å gjera med eit slag «bibelgræsk».

So i denne samanhengen hadde bibelumsetjarane vore meir bibeltru om dei hadde fylgt Paulus og nytta «bibelnorsk».

NO 78/85 gjekk for langt i idiomatisk leid, noko som førde til protestumsetjingane *Norsk Bibel* (1988) og *Den norske King James-oversettelsen* (1997). Umsetjingi åt Jacob Jervell av dei fire evangeli (2002) er òg eit stig i ei meir konkordant leid. Og no segjer Bibelselskapet at dei i samband med NTR «ønsket å gå et lite skritt tilbake mot en mer konkordant oversettelse enn den sterkt idiomatiske NO 78». I revisjonsframlegget hev det gjeve seg utslag i eit mindre vinglut ordbruk og ei meir einsarta attgjeving av viktuge hovudumgrip. Dimed hev samanhengen med ordbruket i grunnteksti vorte klårare og meir på lina med umsetjingi i *Norsk Bibel*.

Nokre merknader

Alle som ikkje er heimekjende med Kana'ans språk, vil nog undrast på kva Jesus skulde med *kalk* i samband med det siste måltidet sitt. Hadde han kann henda tenkt å blanda hagegjødse i vinen? Nei, det græske ordet som her er nytta, tyder drikkebekar. Men kvifor me på norsk skal dragsa på eit ord som er lånt frå latin *calx*, er meir enn eg skynar. Heppeleg stend det no i NTR at Jesus tok eit «beger» (Luk 22,14ff). Det er godt, men nynorskum-

setjingi burde ha havt den norske formi *bekar*.

Derimot er eg mindre lukkeleg for at Jesus segjer um braudet som han gjev til læresveinane, at «dette er min *kropp*». Endå um ordet *likam* ikkje er vanleg i daglegtala lenger, so bør ordet kunna hava ein plass i ei høgtideleg liturgisk handling som nattverden. Eg er vel ikkje den einaste som fær ei litt utriveleg kjensla av kannibalisme um eg skal eta Jesu kropp?

Eg er heller ikkje heilt nøgd med at det bibelske «brør» i ei rad samanhengar vert attgjeve med «sysken», til dømes i Fil 1,12. Endå um det i denne og andre samanhengar er truleg at nemningi femner um kvinner òg, so er den språkrette umsetjingi «brør». Um ordet i det ein-skilde tilfellet skal tolkast som «sysken», er eit reint eksegetisk og ikkje eit språkleg spørsmål. (På same vis som engelsk hev heller ikkje græsk noko ord som svarar til vårt *sysken*.)

Ein vindyrkar vil nog undra seg når han i Luk 20,9 og andre stader les um ein mann som planta ein *vingard*. Nei, mannen planta ei *vinmark* inne på vingarden sin. Og dette er no rett umsett i NTR.

Men umsetjarane burde ha skift ut ordet *vintré* òg. Alle biologar kann fortelja at dette slett ikkje er noko tre, men ein slyngplante eller ein ranke. Den rette nemningi er difor *vinstokk*.

Og so vil nog nokre undra seg kvifor kvinna i Luk 7,38 vart standande bak Jesus nede ved føtene hans. Men denne undringi kjem av at det i vers 36 vert fortalt at Jesus «sette seg til bords» i huset til



farisearen. Men det gjorde han slett ikkje. For i grunnteksti stend det at han «lagde seg ned» til bords!

Sjølvsagt sat den tids menneskje til bords slik me òg gjer, men jødane hadde teke ved den romerske seden at i festleg lag låg dei til bords. Gjestene låg på benker på skrå innover mot bordet, og medan dei studde seg på vinstre òlbøgen, åt dei med høgre handi. Difor var det

naturleg for kvinna å verta standande bak Jesus nede ved føtene hans. Det er òg uttydingi på at den læresveinen som Jesus hadde kjær, etter grunnteksti kunde «halla seg attver mot brjostet til Jesus» ved det siste måltidet (Joh 13,25). Læresveinen låg nemleg på benken framfyr Jesus med ryggen vend mot honom. Difor gjev dei vanlege bilæti av nattverden, der gjestene sit på stolar kring bordet, eit heilt gale inntrykk av korleis måltidet gjekk fyre seg.

Di verre stadfester òg NTR dette galne inntrykket. Jamvel um Luk 22,14 heilt klårt segjer at «då timen kom, lagde han seg ned og apostlane i lag med honom», so segjer NTR berre at «Jesus gjekk til bords og apostlane med han». Her og tilsvarande stader burde Bibelskapet ha våga å setja um bibelordi rett!

Sét under eitt er ikkje brigdi i høve til NO 78/85 serleg store. Men som det vert sagt i fyreordet, so er fyremålet at «en ville komme nærmere grunntekstens ordlyd og unngå altfor frie og muntlige omskrivningar». Og det er eit stig i rett leid!

Halldor O. Opedals fond heidrar målstudentar

Av Lars Bjarne Marøy

18. oktober heidra Halldor O. Opedals fond seks studentar som alle hev gjort ein innsats for høgnorskt mål millom ungdom og studentar med ein pris på 5000 kroner kvar. Dei seks var Sergej Alexander Munkvold, Klaus Johan Myrvoll, Ingvild Aursøy Måseide, Arild Torvund Olsen, Olav Torheim og Kjetil Aasen. I samband med utetlingi av studentprisane vart det halde eit seminar på Blindern. På seminaret var det innleidingar um ulike målpolitiske og målfaglege spørsmål.

Håvard Tangen tala um saga åt Studentmållaget i Oslo. Han heldt fram at mange sentrale samfundstoppar i millomkrigstidi hadde viktuge læreår i Studentmållaget, og han skildra korleis laget hev markert seg som ei sentral kraft i ordskifte kring både målpolitiske og ålmenpolitiske spørsmål frå laget vart skipa og fram til i dag.

Sergej Alexander Munkvold tala um digitalisering av nynorske tekster. Han heldt fram at det kann gjerast mykje på dette umkvervet. Det er upp til høgnorsk-

brukarane sjølve kor mykje dei vil ha digitalisert. Munkvold hev innlesingsutstyr (scanner) og hev lese inn sers mykje tekst frå ymse bøker. Men det er ikkje nok berre å lesa inn teksti; ein må òg lesa korrektur. Dessutan trengst det folk til å arbeida vidare med å få utnytta den uppsamla teksti til å laga ordlistor både for bok og skjerm.

Fyrsteamanuensis i persisk, Finn Thiesen og professor i norderlendsk målvitenskap, Jan Terje Faarlund hadde fenge i oppdrag å tala um ljodlover. Emnet var knytt til i kva mun ein treng ljodlover og kva status ein skal gjeva dei i målgranskingi. Det er ulike orienteringar millom fagfolk. Nokre vil leggja større vekt på ljodlover enn andre. I ordskiftet vart det klårt at det ikkje er nokon som vil neitta for at det hev vore ein stor vokster i lingvistisk teori dei siste hundrad åri. Junggrammatikken som stod fram som ei progressiv kraft kring 1880, hev enno ein viss aktualitet, men han må supplerast med nyare faglege teoriar. Det

er likevel usemja um kor eksakte og kor spesifikke ljodlover ein kann operera med. Ljodlovene vart millom anna jamførde med vêrvarslingi. Ein kann få eit godt inntrykk av kva vêr det skal verta um ein ser på vêrmeldingi, men ein kann aldri vera hundrad prosent viss på at det vert slikt vêr som det er meldt.

Postdoktorstipendiat i klassiske mål, Dag Haug gjorde ein god figur som ordstyrar. Han hadde ei utbjodande oppgåva med å finna fram til dei små usemjone som var millom dei tvo innleidarane, men greidde den oppgåva på framifrå vis.

Um kvelden var det festmiddag med formell yverrekkjing av heidersprisane. Ein ungdomleg festlyd på kring 30 personar var samla. Vincent Eye Færavaag var visevert og heldt tale for festlyden. Han heldt fram at det var eit lovande teikn at so mange ungdomar samla seg attum høgnorsktanken. For nokre år sidan hadde det berre vore gamlingar som vilde ha kome på ei slik samling; slik er det ikkje i dag.

Rapport frå eit fag i krisa

Av Anders Moe

Egil Børre Johnsen (red.):
Vårt eget språk
Aschehoug 2002. 336 sidor.

Norskfilologien hev vore eit av dei store nasjonsbyggjande prestisjefagi, men er no merkt av studentflukt, forgubbing og ideologisk irrelevans. Samnorskparagrafen er teken burt, Språkrådet skal leggast ned, middelklassen og byane veks og dei tradisjonelle, norskrøtte målføri kverv burt, men på institutti for nordistikk i Oslo og Bergen, der det meste av denne boki er skrive, der er alt som det hev vore.

Redaktør Egil Børre Johnsen (f. 1936) skriv i det stutte fyreordet (s. 7) at denne boki kjem av di trebandsverket med same namn frå 1987 er «modent for revisjon». Denne revisjonen strekkjer seg ikkje lenger enn til at boki hev nye kapittel um norsk som framandspråk, «det elektroniske språket» og målbruk i reklamen. Yngste skribenten er 45 år (han er òg einaste utlending), tvo andre er fødte etter 1950.

Um siktemålet for boki skriv redaktøren: «Siden *Vårt eget språk* henvender seg til alle som er interessert i norsk språk, er det lagt vekt på å gi artiklene en tilgjengelig form. [...] der emnet innbyr til det, har de fått en kåserende form.» (s. 7). Det er mogeleg kåseri er lettlesne, um dei ikkje er so keidsame som dei åt Kjell Ivar Vannebo og Dag Gundersen, men i ei innføringsbok trengst solid informasjon sett fram på ein yversynleg måte, ikkje lausprat. Boki er kløyvd i tri: «Språket før oss», «Språket rundt oss» og «Språket i oss», yverskrifter som ikkje segjer stort. Boki hev 22 kapittel, der kvar forfatter skal taka for seg eit emne, t.d. målsoga, skrivereglar og framandord.

Folk utan forkunnskapar vil truleg verta forvirra av alle sjølvmotsegjingane i boki. Til dømes skriv Johnsen i innleiing: «Norsk språk har mange stemmer, noe som ikke virker urimelig om vi tar et overblikk over landets sammensatte geograf. Som landet, så språket: Dialektrikdommen er stor i Norge.» (s. 11). Fleire andre er inne på liknande tankar, men Helge Sandøy skriv: «Samanliknar vi oss med Danmark, ser vi det interessante at i eit så lite land med så tett busetnad har dialektforskjellane kanskje vore enda større enn i vårt langstrekke rike!» (s. 136).

Trui på verksemd i å Norsk språkråd er uveikt, soleis skriv Kjell Ivar Vannebo: «Ved siden av de internaliserte normene eksisterer det også i mange samfunn fastsatte normer for språk og språkbruk. De blir til som resultat av bestemmelser eller påbud fra en eller annen instans utenfra som står over individet. I Norge er for eksempel Stortinget en slik normeringsinstans. Det har ifølge vår konstitusjon myndighet til å regulere de offisielle språknormene.» (s. 93). Det fær standa som eit døme på den klåre tanken og lettlesne prosaen i denne boki. Meiner Vannebo at det er grunnlogsfest at me skal hava ei språknemd og ein læreboknormal?

Umgripen internaliserte normer, er det so sentralt i målvitskapen at det treng takast med i ei innføringsbok for folk flest? Helge Dyvik hev nyss skrive ein god artikkel um «Offisiell og ikke-offisiell språknormering – nyttig eller skadelig motsetning?»; etter det han segjer, er det Vannebo sjølv som hev lansert umgripen (i 1980); det er ikkje det mest råkande ordlaget for dei normene det her er tale um; Dyvik talar um operative normer, og skriv: «Det er de normene som faktisk styrer språkbrukernes korrekthetsoppfatninger og språklige samhandling. Termen ‘internalisert’ er for individ-orientert; den tilslører normenes overindividuelle karakter. [...] Det er disse konvergerende intuisjonene som er vår kilde til kunnskap om språknormene, og dermed språket: Uten konsensus i en kritisk masse av mulige informanter, er det ikke noe språk der.» (*Krefter og motkrefter i språknormeringa*, 2003, s. 30.)

Både bokmål og nynorsk hev slike operative normer; det er dét som er bokmål og nynorsk, og difor er kapitlet «Norsk grammatikk» av Svein Lie lite nyttande som hjelperåd; Lie fører opp dei mest utrulege valfrie sideformer, utan umsyn til tradisjon og språkleg praksis. Underleg er det òg at Lie viser til målføri når han skriv um ljodlæra, men held seg strengt til den statlege normi når han kjem fram til formlæra.

Dei tri kapitli um norsk målsoga lyt me sjå litt nærare på. Terje Spurkland («Språkutviklingen før 1814», s. 51–63) skriv greidt um frumnorderlendisk (urnordisk), kven som tala dette målet, kva kjeldegrunnlag me hev, og kva som er karakteristisk for målet i denne tidbolken.

Di verre vert ikkje dette upplegget fylgt for dei neste tidbolkanene. Det det vert gjort greida for i underkapitlet «Vikingtiden 750–1050», er det norrøne litteraturmålet. Kva med talemålet på denne tidi?

So kjem «Senmiddelalderen 1350–1550: fra gammelnorsk til moderne norsk»; kvar vart det av 1050–1350? No vert målet påverka av «dansk», men eit av dømi på frumnorderlendisk var grave upp på Jutland. Ein må soleis gissa at frumnorderlendisken klovna, men når og korleis segjer Spurkland inkje um.

På 1500-talet kverv det norske skriftmålet burt, og dansk tek yver; samstundes brigder talemålet seg, men, skriv Spurkland: «Skrivemåten ble ikke rettet i tråd med disse endringene. Dagens ortografi gjenspeiler den uttalen ordene hadde i gammelnorsk.» (s. 59) Skal tru korleis norsk rettskriving kann hava drag frå norrønt mål, um norskt skriftmål alt var kvorve burt fyrr nasjonalmål med fast rettskriving var til.

Spurkland fortel um nokre merke på yvergangen frå «Gammelnorsk til moderne norsk» (utan nokon millomnorsk imillom, og der samanhengen millom gamalnorsk og nynorsk kverv burt med uttrykket «moderne norsk») – soleis fær me vita at «kasus så godt som forsvant som grammatikalsk kategori», men held seg i personlege pronomen, faste uttrykk og nokre målføre. Men: «Konjunktiv forsvinner helt som grammatikalsk kategori.» På 1500-talet? Både i norsk-danskt skriftmål og i målføri, jamvel i faste uttrykk? Konjunktivformene Aasen sette upp, var tufta på livande talemålsbruk; dei hev aldri vore mykje nytta, men målgranskarar som Andreas Bjørkum og Hallvard Dørum hev røkt etter um konjunktivbruk i nynorsk og funne at heilt burte er desse formene ikkje.

For tidi 1550 til 1800 skriv ikkje Spurkland um norsk målsoga, han tek i staden for seg norskfødde forfatarar som skriv på dansk og vurderer um han finn mykje norsk i målet deira. Her òg er det motsegjingar i boki; Spurkland skriv at ein «måtte luke ut norske ord og vendinger» på 1600-talet, og at Dorote Engelbretsdotter skreiv «et renere dansk enn bysbarnet Absalon hadde gjort århundret før.» Men so skriv han at det var Ludvig Holberg som «gav danskene forståelse for hva som var dansk og hva som var udansk. Holberg lærte danskene

å skrive, tenke og filosofere på morsmålet.» (s. 61). Um det var Holberg som feste den danske språknormi, er det no meiningslaust å hevda at ein «måtte luke ut norske ord og vendinger» frå målet hundrad år fyrr. Egil Børre Johnsen fortel på s. 247 (i eit kapittel som heiter «Den mangfoldige sakprosaen»), men som heilt umotivert gjev ei utsyn yver norsk bok-soga etter 1750): «Imidlertid fins det fra midten på 1700-tallet tekster med klar norsk tendens innenfor den dansk-norske felleslitteraturen.» Dette endå Spurkland meiner han fann slik norsk tendens både på 1500- og 1600-talet. Surr!

Korkje «Språkutviklingen på 1800-tallet» av Øystein Sørensen (s. 63–74) elder «Språkutviklinga dei siste hundre åra» av Arne Torp (s. 75–89) hev noko serleg å fortelja um målsoga. Norske innslag hjå forfattarar som skreiv dansk høyrer me helder ikkje noko um. Sørensen legg ut um debatten um kva for eit mål som skal hava rett til å verta kalla «norsk», ein debatt som vel er irrelevant i dag, når Stephen Walton skriv at «norsk» er eit politisk umgrip og ikkje eit lingvistisk, og dei norske skriftmåli offisielt heiter «bokmål» og «nynorsk», ikkje «norsk». «Et språklig kuppforsøk» kallar Sørensen det, når nordmenn som skreiv dansk på 1800-talet vilde kalla målet sitt for «norsk» (s. 63 og 68), men han skriv sjølv «dansk-norsk». Spurkland nyttar òg harde ord mot dansketidi («400-årsnatten») og dansken, «den fremmede innflytelsen» som «infiserer» talemålet, men båe desse arge norskdømmsmennene skriv ein konservativ norsk-dansk med samkyn. Som Darwin P. Erlandsen, president i Norsk Dusteforbund, skriv: «Jeg skal ha vært så nydelig som barn, men så kom det noen fanter og forbyttet meg.»

Ålment er denne boki merkt av ei heilt urealistisk tru på makti åt språknemdene, men Arne Torp skriv det som det er: Det statlege normarbeidet vakte massivt motstand, og vart til sist oppgjeve. Men kvifor skriv han då sida upp og sida ned um batelaust nemndarbeid, når han veit at målvoksteren i røyndi hev gjenge fyre seg andre stader? Skulerettskrivingi vert ikkje umtala tidlegare i denne målsoga; *Store og gode Handlinger af Danske, Norske og Holstenere* frå 1777 er soleis ikkje nemnd. Kvifor er brigde i læreboknormalen då sjølv «språkutviklinga» på 1900-talet? Dei skriftspråklege ideali brigder seg, utan at det hev stort med språkutvikling å gjera; på 1500-talet bokstaverer Absalon Pedersson Beyer same

ordet på tri måtar på same sida for å syna daning og skapa variasjon, men lærde menn som Arne Torp syner sin lærdom gjennom tvert um å velja valfrie sideformer konsekvent. Slikt er motar, ikkje språkutvikling.

Torp trur nog samnorsken skal sigra til slutt; «Trass i at samnorsktanken i dag offiselt 'framstår som mindre aktuell', som det heiter i stortingsmeldinga frå 1997, ser nok dei fleste på den noverande situasjonen med to målformer som eit provisorium, sjølv om ingen vågar å spå når og eventuelt korleis den skal avviklast.» (s. 89) («Den»? Er det situasjonen som skal «avviklast», og ikkje provisoriet? Torp hev jamt yver problem med syntaksen.) Dette er eit foraldrasogesyn: stoda me hev havt i drjukt 100 år er ikkje eit «provisorium» som skal skiftast ut med ei permanent løysing. Og bryr Torp seg um kva «dei fleste» meiner? Han sit i Språkrådet som målsmann for Landslaget for språklig samling.

Når dei som hev skrive denne boki legg slik vekt på Norsk språkråd, skulde ein venta seg at dei vilde skriva noko um kva rettskrivingsbrigdi skal bata, men tvert um. Til dømes skriv Dag Gundersen (i kapitlet «Spilletts regler» – dei vert visst fastsette i Språkrådet): «Mange ser negativt på endringer i den språklige normen.» (s. 208). Dette gjer dei av di det er «brysomt» å læra nye reglar, av di brigdi fører til at det vert lettare å skriva feil, og av di det «gjør avstanden større mellom vårt skriftspråk og språket hos eldre forfattere som Ibsen og Bjørnson, Aasen og Garborg. Dette skaper særlig problemer for utgivere av leseverker til skolebruk.» (s. 208). Eg kann ikkje sjå at Gundersen legg fram nokon grunn til at me skal hava det slik; berre: «Det er en situasjon vi må leve med.»

Torp skriv noko um 1938-rettskrivingi som lèt ein gissa kva det heile skulde tena til: «Hittil hadde det vore sjølv sagt at det danna talemålet aleine kunne vere grunnlag for skriftspråket; etter 1938 var dette talemålet redusert til berre éin av mange talemålsvariantar som bokmålet skulle rette seg etter. [...] For å illustrere forskyvinga i den språksosiale basisen som hadde skjedd med 1938-reforma, fortalde han [Arnulf Øverland] noko som visstnok skulle ha hendt på ein austkantskole i Oslo: Då elevane hadde fått forklart kva den nye rettskrivinga gjekk ut på, var det ein liten gut som rekte opp handa og sa triumferende: 'Du frøken! Nå schka det bli vanskelig for dom

fine å schnakke rekti!>'» (s. 81).

So kunde Torp ha fylgt upp: Kvifor vart ikkje 1938-rettskrivingi nokon siger for austkanten mot dei fine? For kven vart det vandt å tala, for ikkje segja *skrive* rett? Johnsen skriv: «Norge er ikke eldre som kulturnasjon enn at det å beherske skriftspråket kan bli oppfattet som noe litt eksklusivt. Så våger man seg kanskje ikke lenger enn til julekortet.» (s. 200). Dette er pylsejev slik det stend; kulturnasjonen Noreg er gamal, rettskrivingsbrigdi hev ikkje vore større enn at dansk frå 1613 er fullt lesande for ålmenta (hermet etter Peder Claussøn Friis på s. 60 er då òg ubrigdt og ukommentert), og kvifor skulde det verta lettare for folk å skriva di eldre «kulturnasjonen» er?

Men Johnsen skriv noko dilikt på s. 11: «Vi er en ung nasjon, noe som avspeiles i den raske utviklingen av bokmål og nynorsk etter 1900. Fremdeles lever det folk som har måttet tilpasse seg fem rettskrivningsreformer bare i bokmål. Om mange vedtak har det stått strid, og ikke alle vedtak har hatt livets kraft. Men utviklingen mot et eget, norsk språk har ikke latt seg stoppe.» Det skulde segja det meste um sjølvinn sikti innanfyre nordiskmiljøet: gjennom rettskrivningsreformer hev ein tvinga fram ei utvikling i retning av eit «eget, norsk språk». At det vert vandt for folk flest å skriva, at nasjonallitteraturen vert framand og tunglesen, «det er en situasjon vi må leve med». Men, som Torp skriv, det kom jo aldri noko «eget, norsk språk» ut av nemndarbeidet! Prosjektet for å «norska upp» norsk-dansken er eit prosjekt for knot, og folk vil ikkje hava det. Prosjektet for å avnorska norsken hev di verre havt meir suksess, av di filologane hev havt makti i dei institusjonane som kunde halda målet uppe. So hev då òg folk utanfyre Vestlandet snutt ryggen til ein nynorsk som ikkje lenger hev nokor operativ norm. Jau, voksteren fram mot eit eige norskt mål, han vart stogga av språknemdene. Norsk-dansken er sjølv sagt um lag like karakteristisk som t.d. austerrisksk-tysk elder rhodesisk-engelsk, utan at nemdene hev havt stort med den utviklingi å gjera; det kom av seg sjølv på 1800-talet då det vart fleire norske avisor. Men slikt er ikkje noko eige norskt mål!

Stutt sagt: eit rot av ei bok frå eit museum av eit fagmiljø. Det gjev framtidsvon at staten løyver pengar til *Norsk Riksmålsordbok* mot protestane frå denne krinsen; so er det då nokon som driv med målgransking i Noreg.

Då landsmålet vart skriftmål – eit 150-årsminne

Av Magne Myhren

I år er det 150 år sidan nynorskt skriftmål fyrst kom på prent med Ivar Aasen: *Prøver af Landsmaalet i Norge*. Men same året – nokre månader etterpå – kom det ut ei onnor bok, *Norske Folkeviser* av M. B. Landstad, som òg skulde få mykje å segja for nynorsk skriftkultur. Difor er det grunn til å minnast dei to bøkene under eitt.

På nyåret 1845 var Ivar Aasen (1813–96) på veg gjennom Aust-Agder til Vest-Telemark. Etter ei slitsam ferd i stor nysnø, med hard kjøld og pengegriske skysskarar kom han til Vrådal 21.1. Der møtte han Magnus B. Landstad (1802–80), prest i Kviteseid 1834–39 og i Seljord 1840–48. Aasen hadde tenkt seg til Seljord, og presten viste honom til Olav Glosimot, fremste visekvedaren i bygd på den tid – ein frod mann på folkedikting, -tonar og målføretilfang. På Glosimot vart Aasen buande frå 22.1. til 16.5., unte vel og fekk mykje gjort. Frå Seljord gjekk ferdi til Hallingdal, Valdres og Gudbrandsdalen. Året 1846 var han i Trøndelag og Nordland. So sette han seg til å skriva. I 1848 kom *Det norske Folkesprogs Grammatik* og 26 månader etterpå, *Ordbog over det norske Folkesprog*. So – i 1853 – fylgde *Prøver af Landsmaalet i Norge*, som var ein skriftspråkhistorisk bytestein. Her synte han koss norskt mål kunde skrivast – anten med landsmålsrettskriving på Aasengjerd eller med meir målførevoren skrivemåte – tufta på samanliknande målføregranskning.

Det var dei to fremste samlarane i norsk samtid og tvo dugande poetar som møttest i Vrådal denne vetterdagen i 1845. Då Aasen kom til Seljord, hadde han kartlagt talemålet vestanfjells og på Agder. No skulde vest-telemålet under granskarglas. Hardorka for Landstad var å fyrebu *Norske Folkeviser* til utgjeving. Desse vikone i Seljord møttest dei jamleg, Landstad og Aasen, og sistnemnde fekk etter kvart godt innsyn i viseheimen. I ferdameldingi frå Seljord (1845) nemner Aasen visor som «Jomfru Crøger har ... foretaget sig at samle», og «presten Landstad har siden havt dem under behandling og vil formodentlig besørge dem udgivne». Landstad opplyser at Olea Crøger (1801–55) «har en væsentlig andeel [kring 1/3] i denne samlings tilblivelse». Landstad fann mest i Seljord og Kviteseid – og sumt i grannebygder.

Olea Crøger hadde òg tekster frå Aust-Telemark, t.d. Hjartdal og Heddal.

20. juni 1853 var *Prøver af Landsmaalet* i handelen. Boki er på 136 småsidor og har 48 tekst-nummer – mest stutte tekster på 20 bygdemål og på landsmål – og kvar tekst og målførebolk med rike merknader. Då Aasen var på granskarferd i Austfold fyrst i september 1853, såg han inn til Landstad som var prest i Halden då. Det var på den tid *Norske Folkeviser* kom ut – ei stor bok, 867 + XX sidor med 52 sidor tonevedlegg. Ho inneheld vel 120 visor, mykje stev, lokkar, songleikar av ymse slag og gåtor. I bae bøkene er all kommenterande tekst på dansk. Aasen har kring 105 sidor på norsk, Landstad kring 730.

Norske Folkeviser hev lærde og umhugsame historiske og folkloristiske merknader og mange ordtolkingar. Aasen hadde nok hand i mykje av det, for han kjende stort andsvar for oppretting og utfylling i viseboki. Men han var under hardt tidspress desse åri, 1851–53, og i eit brev klaga han over «al den tid som vil gaae bort fra mine egne arbeider». Visst vart Aasen burtheft med visone, men han vann òg å nytta burtheftet til bate for eige vitskapsarbeid og skreiv ut vel 700 ord or desse tekstene. Mange kom med i *Norsk Ordbog* (1873).

Tyngste møda med visekorrektoren var vel å luka ut mange av dei norrønvorne formene som Landstad hadde nytta etter råd frå P. A. Munch. Men sumt stod att, og Aasen skreiv at *Norske Folkeviser* «er rigtignok ikke ganske skreven i distriktets mål [vest-telemål], da endeel former ere udfyldte efter det gamle sprog, men alligevel giver dog samlingen over alt et begreb om egenhederne ved dette bygdemål.» Dette er skrive kring tri månader fyrr *Norske Folkeviser* kom ut og syner at Aasen kjende godt innhaldet i Landstads manuskript. Landstad flutte frå Seljord i 1848, men hadde jamleg brevbyte med Aasen so lenge viseorka vara. Men det at Landstad og Aasen budde so åtskilt hemja nok samvinna noko. Den tid fanst korkje telefon, faks eller e-post. Slike hindringar hindra likevel ikkje Landstad i å takka for «forbindtlighed» og «for de oplysninger og den bistand, jeg af ham [Ivar Aasen] har modtaget» i fyreordet.

Folkevisesamlingi vekte åtgauum og vart både i innhald og mål til inspirasjon

for nynorskskrivande bokmenn. At Aasen vart påverka av stevformene, ser me i *Ervingen* (1855). Stykket hev nokre songtekster, m.a. ein stevleik (gamlestev), skriven til Draumkvædetonen, og nokre nystev. I *Symra* (1863) òg hev stevet stort rom. Aasen hadde knapt høyrte kveding og stev fyrr han kom til Seljord i 1845. Der hausta han strofekonunne i samvinne med Landstad og gjennom all kveding som han høyrde på Glosimot. Landstad vart òg fengd av visemålet og yrkte gode tekster på det, so som «Neslands-kyrkja» (gamlestev), «Åsulv Edland» og «Signe Mogen» (nystev).

Åri 1842–1853 sette Ivar Aasen fylgjande merke etter seg i norsk soger:

1) Han gjorde nynorskt mål til granskingsemne. I grammatikken (1848) og ordboki (1850) la han fram eit sjølvinnsamla måltilfang frå det meste av landet og synte koss målet var bygt, og koss målføri stod i høve til kvarandre.

2) Desse tvo bøkene var fyresetnaden for *Prøver af Landsmaalet i Norge* (1853), ei tekstsamling der Aasen sette upp rettskriving for eit landsfemmande nynorskt skriftmål og for einskilde bygdemål. Med landsmåltekstene i denne boki grunnla han nynorsk skriftkultur.

Landstad tok til å arbeida med sitt verk tidleg i 1840-åri, samstundes med Aasen, og *Norske Folkeviser* var ferdigprenta kring tri månader etter *Prøver af Landsmaalet*. Det meste av visetilfanget hev, som me hev sét, opphav i eitt målførevald, vest-telemål. Frårekna er tekster uppskrivne av Olea Crøger i Aust-Telemark og «nyere viser af blandet indhold» som kunde vera henta or skrivne kjeldor. Dei fekk òg med nokre småe undantak same skriftbunaden som tekstene frå Vest-Telemark. Landstad hyste knapt tankar um å skapa noko ålnorskt skriftmål. Men *Norske Folkeviser* vart både i mål og innhald ein hymnestein i nynorsk lyrikk og ein byggjestein i nynorsk skriftmålsframvokster – jamvel um visetekstene fekk ein noko keiv skrivemåte. A. O. Vinje spådde at boki vilde verta «liksom frumkjerna til vår framtids literatur eller bokavl». Koss det gjekk med det, skal ikkje dryftast her. Men til langt utpå 1870-talet var *Norske Folkeviser* største samlingi med tekster på nynorsk.

Korleis eg vart bokven

Av Jon Bleie

Målmannen prentar tridje og siste stykkjet i ein føljetong på tri bolkar

Skrifti Korleis eg vart bokven av hardingen Jon Bleie (1904–81) vart prenta fyrste gongen i 1944 i rekkja «Småskrifter for bokvenner» på bokreidingslaget N. W. Damm & Søn, Oslo. Her fylgjer framhald frå fyrre nummeret:

Ein haustdag kom Anton Aure inn til meg på hybelen på Voss. Me kjende kvarandre berre gjennom brevskifte før. Og dette vart både fyrste og siste gongen me råkast. Han var norsk-norsk, både i målvegen og i kledebunad. Han hadde vore nede hjå Nybø og rota etter gamle prent. Eg spurde kvifor ikkje Jens Tvedts indianarbøker som Hannaas nemnde i bokrøda si, var medtekne i *Nynorsk boklista*. Jau, Tvedt skreiv indianarforteljingar på bokmål i eit Stavanger-blad, der dei gjekk som føljetongar. For dei pengane han tente på det, gav han ut si fyrste bok, *Inn i fjordane*, på eige forlag i Stavanger i 1885. Seinare har eg funne ut at Tvedt har skrivne andre ting og som er sjeldsynte. Kor mange har no t.d. hans «Sang ved Den nye Loges Stiftelse i Stavanger den 2den januar 1885 (bokmål)»? Men *Inn i fjordane* vart åtgådd, so Tvedt fekk foreleggjar og slapp konkurrera med salig Cooper meir. – Samtala med Aure kunde gjerne vart lenger, tykte eg; men han var beden til middag hjå sokneprest Barstad og måtte retta seg etter klokka, og skulde vidare om morgonen. Eg skjønna ikkje at han leid av nokon sjukdom, han var livleg og gladværu. Og seinare, då sjukdomen auka på, var interessa hans for bøker like vaki so lenge han greidde skriva.

Anton Aure døydde sumaren 1924. Same hausten fekk eg sjå ein bokkronikk av Olav Myre i *Aftenposten*. Der skreiv han nokre skjønne minneord om Anton Aure. Eg gøymde vel det bladet (11.10.1924) og seinare las eg alle bokkronikkane hans og gjer det framleides. Og takk vere dei har eg etter kvart fått ein glytt inn i den bibliofile verdi; for det eg før visste om emnet, var lite eller inkje. Men Myre sine bokkronikkar og artiklar er den beste lærebok i bokkunna som tenkjast kan. Der får ein i ei levande, munnleg form greie på alle dei ting som har interesse for ein bokven. I auksjonsnotisar og bokmeldingar høyrer ein kor denne bibliofilen talar om bøker sin klednad og lagnad, mest liksom dei skulde

vera levande skapningar, og kor han vernar om og elsker fram den sanne bokkunst i Noreg.

Det var *innhaldet* som gjorde at eg tok til å samla bøker. Siste året eg gjekk i folkeskulen, las læraren opp or *Lajla* og *De fredløse*. Me sat som fastnagla til pul-tane og lydde. Og seinare freista eg leita fram meir slike bøker. Etter kvart kom ogso interessa for korleis bøkene såg ut. Lenge samla eg vilt; det var so mangt som lokka. Det gjekk snart opp for meg at å samla alt på nynorsk slik som Anton Aure og visstnok Rikard Berge, det var å sprengja seg. Men eg fekk interesse for folklore, kunst, Hardanger-litteratur og einskilde forfattarar. Ei tid tenkte eg å samla norsk-amerikanske bøker; men då eg såg kor vanskeleg det var berre å få tak i Torkel Oftelies *Telesoga* og Peer Storeygards *Norøna*, gav eg det opp. Eg la min elsk på norsk illustrasjonskunst. Då laut eg og ha kunst som hadde si rot i Noreg (Olaf Gulbransson, Ingri og Edgar Parin d' Aulaire).

Det ser so lett ut å samla Olav Duun. Alle bøkene hans er komne hjå Olaf Norli med undantak av dei to barnebøkene som fyrst kom ut på riksmål hjå Aschehoug; dei kom ut hjå Det norske samlaget på nynorsk seinare.

Duun skreiv mest ikkje i avisor. Men han skreiv novellor og forteljingar i jolehefte og vekeblad. Og alt slikt måtte finnast i ei Duun-samling. Det same gjeld og dei få intervju avisone hadde med han, serleg det store i *Aftenposten* 1.11.1924 og det i *Den 17de Mai* 20.11.1926, etter at *Aftenposten* hadde gjeve han nobelprisen. For 11.11.1926 stod det over heile fyrste sida der: «Olav Duun får i dag årets literære Nobelpris». Og bladet hadde eit langt stykke om dikteren av R. Grieg, og prenta oppatt intervjuet frå 1924 og eit heilt kapitel or *Straumen og evja* som nett då var utkomi. Ei Duun-samling bør og ha utklipp av bokmeldingar liggjande i kvar bok. Interessant er det å fylgja verdsetjingi hjå eit einskilt blad, eller ein einskild kritiker; men best er å ha eit rikt utval – ein diktar kan verta verdsett på so mange måtar. Å kunna samla alle bokmeldingar og artiklar om Duun er vel no heilt rådlaust. Og ynskjer du dei utanlandske utgåvone og, vil du snart finna at Duun er ikkje lett å samla.

Johan Falkberget er endå vanskele-

gare å få tak i komplett. Hans fyrste ungdomsbøker finst berre i nokre eksemplar og jamvel dei fyrste bøkene hans hjå Aass og Aschehoug er sjeldsynte. Men vil du ha dei framande utgåvone – den hollandske utgåva av *Christianus Sextus* skal vera sers fin – vert vanskanen for store.

Ein kjend kritiker skreiv i 1929 om den 22 år gamle debutanten Jakob Sande at «han er et ubetinget, uomtvistelig talent. Det er meget som tyder på at landsmålslyriken i ham kan få en dikter av den høieste rang ... Jeg spår at han vil skaffe sig sin sikre plass i norsk litteratur». Då eg hadde lese *Svarte næter*, kom eg til same resultat som denne kritikaren, og difor sette eg meg fyre å fylgja vel med denne dikteren. Sjølve bøkene hans er enno ikkje so vande å få tak i, endå eg trur at der finst ikkje svært mange *vene* eksemplar att av dei fyrste diktbøkene. Dei vert lesne sund. Men til samlingi bør høyra dei vekebladi som har novellone hans og utklipp av ferdabrevi hans og bokmeldingar. Attåt dette bør ein ha tonane som er laga til dikti hans. Og det er alt temmeleg mange, mykje er prenta, men ikkje alt.

Eg har klipt or avisor i mange år og lagt inn i bøker, der dei høyrer heime. Det kan vera eit klipp som har melding om boki, ein artikkel av eller om forfattaren, eller noko liknande. Avisartiklar av einskilde bladmenn har eg og samla. Eit utval av O. Thommessen, politiske ugleartiklar, dikt, artiklar om kunst og litteratur, og artiklar om han, er verdfullt. Ei samling hamarartiklar av Thorstein Diesen med politiske slag og hogg verkar enno friske, endå det no tykkjest vera ei æva millom oss og Diesen. Slike samlingar bør og ha eit originalmanuskript av journalisten.

Ei samling utvalde avisor som er fint medfarne, er gildt å eiga. Det er berre synd at dei laurdagsnummerer av *Tidens Tegn* 1923–27 som har dei beste fyrstesideteikningane av Olaf Gulbransson, ikkje skal vera prenta på eit minder forgjengeleg papir. Kven hugsar ikkje «På vei til gilde i Norsk Gyldendal», «Norges Pegasus. Velkommen hjem!» eller «Farvel til Amundsen»? Kor mykje kultursoge er ikkje samla i jubileumsbladi som *Aftenposten* sende ut i 1925 og 1935 og *Tidens Tegn* i 1935! Eller tenk

på sume Oslo-blad når nokon av «dei store tre i skogen fall», t.d. Aftenpostens Roald Amundsen-nummer og Tidens Tegns Fridtjof Nansen-nummer! Eller når redaktøren fall ifrå, Thorstein Diesen, Frøis Frøisland, Bjørn Thommessen, Rolf Thommessen. Der var ikkje noko Tidens Tegn då O. Thommessen døydde –.

Korleis bør ei god boksamling vera samansett? Ja, det kan vera på tusen måtar. Ho bør berre ikkje vera altfor ein-sidig. Eg minnest kor lærarinna fortalde om Paradis i mitt fyrste skuleår. Ho fortalde om alle dei herlege tre der var. Og eg tykte tydeleg eg såg for meg Livsens tre og Kunnskapstreet kor dei lavde av eple so greinene nådde mest nedåt marki. På Livsens tre var epli raude, og på Kunnskapstreet var dei grøne. Og neter og fikor. Å du herlege hage! Eg trur Paradis vilde tykst meg fatig om der berre hadde vore *ein* sort tre. Og slik er det med ei boksamling og. Om det er ei privatboksamling som er spesialisert om *berre* eit einskilt emne, kan det ikkje nektast at ho er keisam om ho er aldri so rik i bind-tal.

Omfram det einskilde emnet som eigaren har lagt sin elsk på, bør samlingi

vera so allsidig at ho har eit godt utval av vår eigen litteratur. Der bør vera plass til so ulike ting som t.d. *Gulatinglovi*, *Om Norgis Rige* (Absalon Pedersøn Beyer), Asbjørnsen og Moe, Kittelsens *Folk og trolld*, Jens Tvedts *Godmenne*, Lølands *Kvitebjørnen*, Casparis *Vildren*, Sigmund Ruuds *Skispor*, Hagerup Bulls *Profiler*, Roald Amundsens oppdagingsferder, Bull og Paasche, Nordahl Rolfsens lese-bok, og framande bøker som t.d. *Æsops fablar* og Shakespeare.

Der bør ikkje vanta perlor som Landstads folkevisor (Liestøl, Munthe, Willums), *Familien på Gilje* (Lie og Werenskiold), *Den siste viking* (Bojer og Revold), *Bondefortellinger* (Bjørnson og Henrik Sørensen), *Ferdaminne*, *Haugtussa* og dei andre klassikarane heilt fram til desse tiders *Nattens brød*.

Boksamlingi bør spennast frå Gunnlaug Ormstunga til Jakob Sande, frå folkevisone til Arnulf Øverland, frå Holberg til *Trangviksposten* (Jacob Hilditch), frå *Njåla* til *Kristin Lavransdatter*, *Christianus Sextus* og *Juvikfolke*, stutt sagt, frå Bibelen til salmeboki, frå Snorre til *Nansens røst*. Då vil samlingi verta som ein hage med gode frukter av ymse slag.

Kva kjenner du ein bokven på? Er han

i slekt med Holbergs karikatur i Epistola CCXL? I katalogen «Julelitteraturen 1933. Utgitt av Den norske bokhandlerforening», har Olav Myre skildra korleis ein bokven tek mot ei ny bok og dei kjenslor som hugen då vert fylt av. Og i same katalogen for 1935 fortel Fredrik Paasche om ein mann som alle sanne bokvener vil kjenna seg i slekt med:

«Presten Ingemund i Eyjafjord, som levde ved år 1200, hadde ondt for å skilles fra bøkene sine. En sommer skulde han til Norge og tok med sig en kiste som var full av bøker. Det blev storm, og Ingemund led skibbrud under Islands-kysten; han berget sig i land, men boken hadde sjøene skyllet overbord, og det gikk hårdt innpå ham, 'for om bøkene var borte, så var hans glede borte'. Han bad til Gud og lovt ham et og annet – om kisten drev uskadd i land. Og nogen dager senere fikk Ingemund vite at den var funnet på en strand litt østenfor; dit gikk han straks 'for å tørke bøkene sine'.

Fem år efter gav Ingemund bort sine 'beste og mest lærerike bøker'. Men ikke til en uverdige; han gav dem til 'den mann som han elsket mest', det var Gudmund, hans fostersønn.»

Minna Baaba og det spanske skipet

Ei forteljing frå Hjalmland

Det hende for lenge sidan, men folket på Papøy fortel enno saga um korleis øyi deira vart berga av ei trollkona.

Ein dag kom eit høgt svart skip til syne på inngangen til Husavåg (ei vik på austsida av Store Papøy) og kasta anker. Ho førde ikkje noko flagg, og prøvde ikkje å koma i samband med folket på øyi. Folket på øyi var ikkje huga helder på å koma nær det stille, kaldslege skipet.

I skymingi, um kvelden, stod tvo menner og vølte ein båt i ljoset av ein eld; då høyrde dei nokon som plaska og bles i sjøen. Brådt såg dei ein unngut som steig upp på land, gjenomvåt og utmasa. Han var engelskmann, sa han, og han hadde vore fange umbord på det løyndomsfulle skipet. Han átvara papøymennene: fyrr enn han var god til å røma, hadde han høyrte på det spanske sjørøvarmannskapet, korleis det la upp planar um å storma øyi dagen etter.

Øyfolket vart uppskaka; dei var fredelege folk, og hadde korkje våpen elder mod til ein kamp. I den forferdelege naudi dei no var i, rådde dei seg til å beda Minna Baaba um hjelp, ho var eit kvende

som dei til vanleg heldt seg ifrå, for ho var ei vond og maktfull trollkona.

Minna Baaba lydde på saga deira og tenkte seg um ei lang stund. Då sa ho brådt: «Eg skal hjelpa dykk, um de vil lova meg noko. Eg vil hava nakkestykket av den feitaste uxen på Fuglaskjeret når det vert slakting til hausten.» Fuglaskjeret var ei grorsam grøn liti øy, der ungefeet vart feite på sumargraset; og mennene som hadde beist der ute, gjekk strakst med på vilkøri hennar.

Ho bad fiskarane gjera båtane godt feste og stengja budene der dei turka fisk. Minna Baaba fór no avstad til Hå ved Kyrkhus, eit av dei fåe husi med tvo høgder på øyi. Langsamt byrja ho å stiga upp troppi. Ikkje fyrr hadde ho sett foten på det fyrste trinnet, so var der ei kviskring av ein brus. Med det andre stiget kom det ei uro i sjøen. På den tidi ho var halvvegs upp i troppi, bles det so det kvein, og det var eit trugande søg i bylgjone. Trollkona steig høgare, og då ho nådde toppen av troppi, skok heile huset av orkanen som rasa ute. Stormen var so hard at skum og driv av sjøen slo yver øyi.

So lenge som Minna Baaba stod der, rasa orkanen. Men då ho steig ned att, stig for stig, stilna vinden litt etter litt, til dess at, då ho stod nede på marki att, var luft og sjø so stille som då ho gjekk inn i huset. Men det var éin skilnad – ute på Husavågen var det svarte spanske skipet burte, og korkje skip elder mannskap vart nokosinne meir spurt.

Ernest Marwick frå Orknøyane skriv upp denne saga etter George P. S. Peterson på Hjalmland 26. mars 1974. – Ernest Marwick voks upp i ein bondefamilie på Orknøyane og byrja å samla folkeminne og skriva alt fyrr enn han var 20 år gamal. Han heldt fram med tradisjons-samling på vidt grunnlag so lenge han livde. Orknøyane, Hjalmland og Katanes (Caithness) var den luten av verdi han samla seg um, og mykje av det han skriv upp, sende han ut på lokale BBC-program; han var òg medarbeidar i dei lokale avisone på Orknøyane.

Johannes Gjerdåker

B



ISSN-1503-2469

Pico della Mirandola: Um mennesket sin heidersrang

Av Johannes Gjerdåker

«Ikkje ein fast bustad, ikkje nokor eigi form, ikkje ei serskild gåva hev me gjeve deg, å Adam. Det er for at same kva bustad, kva form, kva gåva du enn vil velja, so vil du ha og eiga desse med di eigi dømekraft og med di eigi avgjerd. Alle andre skapningar si natur vert avgrensa og tvinga av oss ved fyreskrivne lover. Du vert ikkje tvinga av nokor slik avgrensing, so at du ved din eigen frie vilje, som eg hev yvergjeve deg til, sjølv kann finna di eigi natur. Eg sette deg midt i verdi, for at du derifrå betre kann sjå kva som finst i verdi. Me hev gjort deg til ein skapnad som ikkje er av himmelen, ikkje av jordi, ikkje dødeleg og ikkje udødeleg, slik at du som ein fri og vyrd formgjevar kann gjeva deg sjølv den formi, du helst vil ha. Du vil kunna stiga ned til dei lægre stig av livet, som dyri liver på, og du vil kunna stiga opp til dei høgre, som er gud-domelege – alt etter di eigi avgjerd.

Å, høgste gjevsmilde godvilje frå Gud, vår Far! Å, høgste underfulle lukka til mennesket: Å få ha det som ein sjølv hev valt, å få vera det som ein sjølv vil vera! Dei umælande dyr fører med seg frå mors liv, frå stundi dei vart fødde, alt det som dei nokosinne skal eiga. Dei høgste åndelege vesen vert anten frå opphavet, elder stutt etter, det som dei skal verta i alle ævelengder. Men til mennesket gav Faderen i skapingsstundi fræ som kunne veksa til alt mogeleg, og han gav spiror til alle slag former av liv: Dei fræi som det einskilde mennesket vil dyrka fram, dei vil veksa og mognast og bera frukter i den einskilde. Dersom det er spiror til det reint vegeterande, vert mennesket til ein plante, dersom det er spiror til det sanse-

lege, vil det dyriske veksa fram, dersom det er til det logiske og rasjonelle, stend det fram ein himmelsk skapnad, dersom det er spiror til det åndelege, vert mennesket ein engel og Guds son. Og dersom han ikkje er nøgd med nokon skapning sin lut og dreg seg attende til midten av sin eigen einskap, vert han til ande saman med Gud i det einsame og usynlege hjå Faderen, som stend yver alt det skapte og yverskrid alle ting.»

* * *

Ordi ovanfor er dei som Skaparen seier til Adam, den fyrste mannen, og denne talen er eit sentralt utdrag av det vesle skriftet «Tale um mennesket sin heidersrang» (*De hominis dignitate oratio*) av Giovanni Pico della Mirandola frå 1486. Forfattaren var ein ung mann fødd i 1463 og son til greiven av Mirandola, eit lite fyrstedøme nær Ferrara. Som den ekte renessansesonen han var, byrja han tidleg på eit vidt forgreina, men samstundes konsentrert studium innanfor vitskapen um mennesket. Han studerte ved fleire italienske universitet og like eins i Paris. Eit siktemål han sette seg, var å finna einskapen millom kristendom, jødedom og filosofien åt Platon. Det er vel mogeleg at Skaparen sin tale til Adam er eit uttrykk for den einskapen.

Eit skrift på 900 setningar (tesar) frå ymse greske, hebraiske, arabiske og latinske forfattarar, som han hadde sett saman, vart saumfare av eit pavekyrkjelig råd under Innocent VIII, og 13 av setningane vart dømde som kjetterske, og paven forbaud ei stor samkoma av lærde

frå heile Europa, som Pico della Mirandola hadde kalla saman til dryftingar um setningane i Roma. Etter fordømingi flydde han til Paris, der han vart arrestert og ei stutt tid sat fengsla. Seinare slo han seg ned i Firenze, der han vart tilknytt det Platoniske Akademiet, under vern av fyrsten Lorenzo de' Medici. Under pave Alexander VI vart han i 1492 løyst frå klaga um kjettarskap. I den siste tidi han livde, kom han under innverknad av Savonarola, som var ein fiende av Lorenzo og vart martyr. – Pico della Mirandola døydde 31 år gamal i 1494.

Skriftet, som det er sitert frå ovanfor, hev upp gjennom tidi vorte teke fram att, prenta upp att og lese mykje i mange land. Otto Weininger siterte Skaparen sin tale til Adam i si bok, og Ludwig Wittgenstein vart kjend med skriftet gjennom Weininger si bok frå 1903. I samtale med M. O' C. Drury gav Wittgenstein sterke lovord til skriftet og bad Drury lesa heile den siterte talen høgt.

I norsk diktning har mykje av den same filosofien som me møter i denne talen av Pico della Mirandola, kome fram hjå Olav Aukrust, visst fleire stader hjå Aukrust og tydeleg i sluttordi i andre bolken av diktet «Emne», der det er farfaren som talar til ungguten:

Emne gode, emne ville
veks og gror i storm og stille. –
Du er sjølv eit emne, gut.
Kjenn og skyn det, form det ut!
Glød det upp og blenk og kvess det
frå ditt inste, allerbeste!
Gløym no ikkje det til slutt.

Målmannen er avhengig av folk som skriv høgnorsk. Kom gjerne med stykkje elder innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Postboks 49 Blindern, 0313 Oslo

Sluttordet:

Ein Gong lyt Enden koma.

Etter Ivar Aasen